

# Nord-Fron kommune




Foto: Nils Hage

## Temaplan for beitebruk 2020-2029

**Vedteke av Nord-Fron kommunestyre 3.11.2020, sak 104/2020.**

## **Innhald**

1 Innleiing	4
2 Målsetjingar	5
3 Beitebruken i Nord-Fron	5
3.1 Arealgrunnlaget	5
3.2 Beiteområde	6
3.3 Verdien av utmarksbeite	8
3.4 Beitekvalitet	9
3.5 Beitekapasitet	10
3.6 Organisert beitebruk	11
3.6.1 Sau på utmarksbeite	15
3.6.2 Storfe på utmarksbeite	17
3.7 Organisering og tilsyn	18
3.8 Skjøtselstiltak – status	18
3.9 Setring	19
3.10 Drivingsvegar	22
3.11 Status for vegetasjonskartlegging i kommunen	22
4 Lovverk og rammer	24
4.1 Oversikt over aktuelle lover	25
4.2. Inngjerding av fritidseigedomar i Nord-Fron	26
4.3 Bandtvang for hund	28
5. Utmarksbeite i plansamanheng	30
5.1 Beitebruk og arealplanar	30
5.2 Beitenæringa som høringsinstans	30
5.3 Sperregjerde	31
6. Utfordringar knytt til beitebruk i utmarka	32
6.1 Attgroing	33
6.1.1 Bruk av gardsnær utmark	34
6.2 Vedlikehald av gjerde	34
6.2.1 Bruk av piggtråd	35
6.3 Rovvilt	35
6.4 Utbygging / annan aktivitet	40
6.5 Radioaktivitet	40

## *Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029*

6.6	Organisering av beitelaga	41
6.7	Ulike beiteinteresser	42
7.	Nye moglegheiter knytt til beitebruk i utmarka	42
7.1	Ny teknologi	42
8.	Tiltaksdel	43
8.1	Handlingsplan / mål	43
8.1.1	Rovvilt	43
8.1.2	Gjerdeproblematikk	45
8.1.3	Fritidsbebyggelse / hyttebygging m.m. - redusere konfliktar	45
8.1.4	Rydding av beiteareal i utmark	46
Vedlegg 1	Setrer i drift med mjølkeproduksjon	48
Vedlegg 2	Forskrift om utvida bandtvang for hund, Nord-Fron kommune	50
Vedlegg 3	Forskrift om unntak frå lov om avgrensing i retten til å sleppe hingstar, oksar, verar og geitebukkar på beite, Nord-Fron, Øystre Slidre og Vågå kommuner	53
Vedlegg 4	Beredskapsplan for beitebruk i Nord-Fron – 2020	54
Vedlegg 5	Kart over beiteområda	61



Mot Heimdalsgråhøa. Foto: Odd Arne Myromslien.

## **1 Innleiing**

God og langsiktig beitebruk fordrar kunnskap om ressursen som skal forvaltast. Generelt meiner ein at beitebruksplanen er nyttig som styringsreiskap og for å samle informasjon om beitebruken. Planen kan medverke til ei betre samla utnytting av utmarksressursane og redusere konfliktane mellom ulike brukargrupper.

Gjeldande beitebruksplan 2005-2017 har status som ein kommunedelplan, og vart vedteke av kommunestyret 15.12.2005, sak 60/2005. Den første beitebruksplanen i Nord-Fron vart vedteke i 1997, og sidan er beitebruksplanen nytta som grunnlag ved utarbeiding/revidering av kommuneplanen sin arealdel. Gjeldande arealdel av kommuneplanen for Nord-Fron vart vedteke av kommunestyret 19.06.2018, sak 57/2018. Ved revidering av beitebruksplanen vil planen få status som *temaplan* til kommuneplanen. *Beredskapsplan for beitebruk i Nord-Fron 2020* blir teke inn som ein del av beitebruksplanen for Nord-Fron kommune 2020-2029, jf. vedlegg 4.

Regjeringa la i desember 2016 fram ny melding til Stortinget om jordbrukspolitikken, *Endring og utvikling-En fremtidsrettet jordbruksproduksjon*. Matproduksjonen skal aukast med 20% innan 2030. Å legge til rette for økt bruk av norske fôrressurser, derunder utmark er ei viktig målsetjing, m.a. for å kunne auke matproduksjonen. I tillegg til å bidra til matproduksjon er beitebruk viktig for å nå mål om å oppretthalde kulturlandskap og ivaretaking av biologisk mangfald. Beitebruk er også ein kulturberar i norsk landbruk, gjennom lange tradisjonar for beiting i utmark og setring.

Rulleringa av beitebruksplanen vart igangsett av Nord-Fron kommune ved landbrukskontoret. Dette med bakgrunn i at gjeldande beitebruksplan gjaldt fram t.o.m. 2017. Det vart sendt ut varsel om oppstart 22.04.2016, og oppstartsmøte vart halde 25.05.2016. Beitelaga har vore sentrale i arbeidet med å rullere beitebruksplanen.

Planen består i tillegg til tekstdelen også av digitale beitebrukskart. Her inngår m.a. kartfesting av sankeanlegg og saltingsplassar. Beitelaga har sjølve teikna inn sine anlegg på grunnlagskart, i høve til dagens situasjon. Det er utarbeida kart over kvart enkelt beitelagsområde. I Nord-Fron utgjer dette 12 beitelagsområde.

## 2 Målsetjingar

Beitebruksplanen har fem hovudmål:

1. Beitebruksplanen skal vere eit grunnlag for anna planarbeid / arealforvaltning i kommunen.
2. Planen dokumenterer omfanget og verdien av beitinga i dag.
3. Planen sikrar at beitenæringa har tilgang på areal og ressursar også i framtida, og legg til rette for samla sett best mogleg utnytting av ressursane over tid.
4. Planen sett sørkjos på problemstillingar og utfordringar / konfliktar knytt til beitebruken.
5. Planen syner tiltak som styrker beitebruken og gjer ei prioritering av aktuelle tiltak for å møte desse utfordringane og unngå konfliktar.

## 3 Beitebruken i Nord-Fron

### 3.1 Arealgrunnlaget

Nord-Fron kommune har eit totalareal på 1.141 km<sup>2</sup>. Av dette blir ca. 1.043 km<sup>2</sup> klassifisert som utmark. 46 km<sup>2</sup> blir klassifisert som jordbruksareal i drift, og dette utgjer om lag 4% av kommunens landareal. I Nord-Fron er 214 km<sup>2</sup> verna areal etter naturmangfaldlova pr. dags dato.

Vel 85.000 dekar er kartlagt som dyrkbar jord, dvs. areal som kan dyrkast opp til å bli fulldyrka jord som held krava til klima- og jordkvalitet for plantedyrking. Dyrkbar jord kan vera eit område med skog med god bonitet (Kjelde: Norsk institutt for bioøkonomi, NIBIO, arealbarometer for Nord-Fron 03.04.2020).

Av utmarka utgjer omlag 45% høgfjell og omlag 55% skogsmark. 18,4% av totalarealet i Nord-Fron er verna etter naturmangfaldlova.

Definisjon av utmarksbeite: Utmarksbeite er beite i naturleg vill vegetasjon, i skog og fjellterreng som ikkje blir kultivert eller gjødsla. Utmarksbeite blir ofte delt inn i gruppene fjellbeite, skogsbeite, llyngheder, strandenger og hagemark, der dei to fyrste gruppene spelar størst rolle som førgrunnlag til husdyra.

## *Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029*

Utmarksbeite er ein svært viktig ressurs for husdyrhaldet i Nord-Fron. Det er sauehald og mjølk- og kjøttproduksjon på storfe som dominerer i høve til husdyrproduksjonar. For mange husdyrbrukarar er difor utmarksbeite ein heilt naudsynt faktor i driftsopplegget og ein viktig del av ressursgrunnlaget. Beiteområda i Nord-Fron fordeler seg på både statleg, kommunal, allmenning og privat grunn.

I Nord-Fron er det i dag 12 organiserte beitelag som slepper husdyr på utmarksbeite. Jf. beitelagskart over beitelagsområda disponerer dei organiserte beitelaga i Nord-Fron totalt 864 km<sup>2</sup> beiteareal. Av dette er 68% fjellbeite og 32% skogsbeite. Uorganisert beitebruk kjem i tillegg. Den uorganiserte beitebruken omfattar i hovudsak storfehaldarar som slepper dyr på utmarksbeite og som ikkje er med i organisert beitebruk. Dette omfattar fleire av setrene i kommunen som har aktiv mjølkeproduksjon. I 2019 var det 28 setre med mjølkeproduksjon i drift i Nord-Fron.

Nord-Fron har organiserte hestehamningar. Sikkilsdalen er sommarbeite og avlsstasjon for dei norske hestersasane. Her har det frå 1868 vore sleppt hingst med hoppefølge. Storhøliseter er ein del av området som Espedalen Bygdealmenning leiger ut til unghingsthann. Beiteområdet omfattar både Nord-Fron og Sør-Fron.

### **3.2 Beiteområde**

Tabell 1 viser areal pr. beiteområde der det er organiserte beitelag.

Beiteområde	Tilgjengeleg areal i km <sup>2</sup>	Sau pr. km <sup>2</sup>	Storfe pr. km <sup>2</sup>
Sødorp beitelag	61,4	33	1,0
Kvam østside beitelag	95,3	31	2,3
Leinbakken beitelag	26,5	20	6,8
Rustkjølen beitelag	83,7	6	0,84
Skåbu beitelag	70,9	12	0,44
Kvikne og Sorperoa beitelag	53,1	47	0,68
Hattdalseter beitelag	29,9	29 (inkl. geit)	0,66
Breistulen beitelag	62,3	29 (inkl. geit)	0,91
Kvam vestside beitelag	64,2	48	0,16
Storhøliseter beitelag	89,2	10	-
Espedalen bygdealmenning	67,4	-	10,1
Sødorp og Kvam hestavlslag	160	-	2,2

## Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029


Tabell 1. Areal pr. beiteområde og sau- storfetettheit (2018).

Beiteområda som er beskrive i tabell 1 er områda som dei enkelte beitelaga i kommunen beitar i.

Figur 1 nedanfor syner sau og lam på utmarksbeite pr. km<sup>2</sup> i 2019, fordelt på beitelag.

Sau per km<sup>2</sup>

- 0 - 25
- 26 - 50
- 51 - 75
- 76 -



Figur 1. Kartet syner sau og lam på utmarksbeite pr. km<sup>2</sup> i 2018, fordelt på beitelag.

Kjelde: [www.kilden.nibio.no](http://www.kilden.nibio.no), 2020.

### 3.3 Verdien av utmarksbeite

Beitedyra haustar ein ressurs som elles ikkje ville bli utnytta. Denne ressursen utgjer ein vesentleg del av driftsgrunnlaget på mange gardsbruk. Det har stor verdi at beitedyra medverkar til å oppretthalde kulturlandskapet for samfunnet elles og reiselivet. Beiting i utmarka er vesentleg for å oppretthalde fleire naturtypar og for det biologiske mangfaldet. Desse verdiane kan ikkje talfestast, men har ein stor samfunnsmessig verdi.

Berekningar syner at dyr på utmarksbeite i Nord-Fron i 2019 hausta fôrverdiar i utmarka til ein verdi av omlag kr. 9,8 mill. Det er her føresett 3,5 kr/fôreining, 80/100 beitedagar og normfôring. Opptaket av fôr på utmarksbeite tilsvara produksjon av beitegras på 11.229 daa jord når ein reknar ei avling på 250 FE/daa. Det totale jordbruksarealet i Nord-Fron kommune er på 45.574 daa (NIBIO, arealressurser Nord-Fron 2019).

I tillegg kjem verdien av kjøt og ull produsert på utmarksbeite, og produksjonstilskot og regionale miljøtilskott som blir utbetalt utifrå talet på sau og storfe på utmarksbeite i minst 5 veker. Ein anslår verdi ved å gå ut frå ein tilvekst for storfe på 480 g/dag og lam på 115 g/dag i beiteperioden. Dette gjev da ei produsert mengde på 91 tonn storfekjøt og 123 tonn lam-/saukjøt. Ved å bruke snittpris pr. 2019 for lammekjøt og storfekjøt samt for ull, så gjev dette ein verdi på produsert kjøt og ull på utmarksbeite i 2019 på anslagsvis 11 mill. kr.

#### Beiteressursar i utmark:

- Fôrgrunnlag for norsk landbruk
  - Fordi det er lønsamt
  - Naudsynt for å auke norsk landbruksproduksjon
- Meirverdi
  - Sunn mat frå rein og vakker natur
  - God dyrevelferd
  - Eksotisk produkt, motvekt til industrilandbruket
- Produkt som kan knytast opp mot lokalt reiseliv
- Produsere fellesgoder
  - Kulturlandskap, tilgjengeleghet, biologisk mangfold
- Tradisjonsberar, ivareta kulturarven

## Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029

Jf. søknad om produksjonstilskott og regionalt miljøtilskott (herunder organisert beitebruk) i Nord-Fron i 2019 vart det utbetalt eit tilskott på kr. 5,1 mill. til dyr på utmarksbeite. Verdien av utmarksbeite i Nord-Fron utgjer omlag 26 mill. kr/år fordelt på fôruttak frå utmarksbeite, utbetalt beitetilskot, samt kjøt- og ullproduksjon.

Tabell 2 syner verdien av føret hausta på utmarksbeite.

Dyreslag	Talet på dyr*	Fôropptak pr. dyr og dag	Dagar på utmarksbeite	Fôropptak totalt	Fôrverdi (kr 3,5 pr. føreining)
Mjølkeku/ammeku	1106	7,2	80	637 056	2 229 696
Ungdyr storfe	1414	6,0	80	678 720	2 375 520
Sauer 1 år og eldre	5202	1,0	100	520 200	1 820 700
Lam	9712	1,0	100	971 200	3 399 200
Geit og kje	654	1,0			
Hest	73	5,0			
<b>SUM</b>	<b>18 161</b>			<b>2 807 176</b>	<b>9 825 116</b>

Tabell 2. Verdi av føret hausta på utmarksbeite. \*Kjelde: Søknad om produksjonstilskott 15.10.2019. \*\* Kjelde: NILF-notat 2006-15: Verdi av fôr på utmarksbeite og sysselsetting i beitebaserte næringer.

Utifrå berekningane over kan ein anslå at utmarksbeitet i Nord-Fron kommune har ein verdi på om lag kr 26 mill. pr. år.

### 3.4 Beitekvalitet


Beitekvaliteten til eit utmarksareal er fyrst og fremst avhengig av kor mykje beiteplanter som finst på arealet og næringsverdien av desse.

Skal ein samanlikne ulike beiteområde må ein vite kva kvalitet det nyttbare beitet har.

Dette kan ein finne ved å fordele vegetasjonstypene etter beiteverdi.

- Lav- og lyngrik mark – mindre godt beite.
- Blåbærmark – godt beite.
- Gras- og urterik mark – svært godt beite.

Figur 2 syner fordelinga på beitekvalitet i utmark i ulike område i Oppland, samt på Kvamsfjellet.



Figur 2. Fordelinga på beitekvalitet i utmark i ulike område i Oppland, samt på Kvamsfjellet.  
Kjelde: NIJOS-rapport 07/2011.

I figur 2 ser ein at det til dømes på Kvamsfjellet er relativt lite areal (9%) som blir klassifisert som svært godt utmarksbeite, medan ein vesentleg større del (50%) blir klassifisert som godt utmarksbeite. Areal med godt plantedekke og areal med mindre god beitekvalitet kan ha ulike funksjonar for beite dyra. Beiteareala må difor også i plansamanheng sjåast under eitt.

### 3.5 Beitekapasitet

Kor mange dyr som kan gå i eit utmarksområde er heilt avhengig av naturvilkåra på staden og kva mål ein har med beitebruken. For beitenæringer i utmark vil det vanlegaste målet vere optimal produksjon av kjøt, samtidig som ein tek vare på produksjonsgrunnlaget på lang sikt.

## *Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029*

Det er dyretal pr. km<sup>2</sup> nyttbart beite som viser kva beitetrykk vegetasjonen i eit område blir utsett for. Med nyttbart beite meiner ein det arealet som ein kan rekne med at dyra tek beitegrøde i frå, og som er av betydning for tilveksten.

For meir informasjon om korleis ein vurderer beitekvalitet og beitekapasitet i utmark viser ein til [www.nibio.no](http://www.nibio.no).

### **3.6 Organisert beitebruk**

Beitebruken i utmark er i hovudsak organisert gjennom ei ordning kalla *Organisert beitebruk*. Ordninga med organisert beitebruk kom i stand i 1970 gjennom eit samarbeid mellom Landbruksdepartementet og Norsk Sau og Geit.

Hovudmålsettinga med denne ordninga er todelt: å leggje til rette for ei rasjonell utnytting av utmarksbeite, og redusere tap av dyr på beite til eit minimum.

Det er 125 medlemmer i organisert beitebruk i kommunen i 2019, jf. tabell 3. I 2004 da beitebruksplanen var revidert førre gong, var tilsvarende tal 209 beitebrukarar.


<b>Beitelag</b>	<b>Aktive medlemmer 2004</b>	<b>Aktive medlemmer 2017</b>	<b>Aktive medlemmer 2019</b>
Søndorp beitelag	14	14	15
Kvam østside beitelag SA	24	15	19
Leinbakken beitelag	4	3	3
Rustkjølen beitelag	13	8	5
Skåbu beitelag SA	16	5	5
Kvikne og Sorperoa beitelag	14	12	12
Hattdalseter beitelag	8	2	2
Breistulen beitelag SA	5	8	7
Kvam vestside beitelag SA	6	4	5
Storhøliseter beitelag	5	4	4
Espedalen bygdealmenning	88	27	42
Søndorp og Kvam hesteavslag SA	12	4	6
<b>SUM</b>	<b>209</b>	<b>106</b>	<b>125</b>

Tabell 3. Oversikt over registrerte beitelag i Nord-Fron i 2004 og 2019.

Kjelde: Organisert beitebruk.

## Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029

Espedalen bygdealmenning (tidlegare kalla Fron fellesdrifter) som er eit reint storfelag, hadde frå 2004 til 2017 ein nedgang på 61 beitebrukarar. Frå 2017 til 2019 auka tal beitebrukarar att med 15. For det andre beitelaget som er eit reint storfelag, Sødorp og Kvam hestavlslag, er det ein nedgang frå 12 beitebrukarar i 2004 til 6 i 2019. Kvam østside beitelag har ein nedgang i talet på beitebrukarar frå 24 beitebrukarar i 2004 til 19 beitebrukarar i 2019. For nokre av beitelaga held tala seg relativt stabile i perioden og eit beitelag, Breistulen beitelag, har hatt ei auke i talet på beitebrukarar. Den generelle trenden i kommunen er likevel at talet på aktive medlemmer som er med i organisert beitebruk går ned i perioden.




Figur 3. Beitebrukskart med organiserte beitelag i Nord-Fron, og beitelag i nabokommunar som grenser inntil. Kjelde: [www.kilden.nibio.no](http://www.kilden.nibio.no), 2020.

I Oppland er omlag 90% av alle saueprodusentar og omlag 40% av alle storfeprodusentar medlem av eit organisert beitelag. Statistikk henta frå organisert beitebruk viser at i 2019 var omlag 50% av storfeet på utmarksbeite med i organisert

## Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029

beitebruk og 100 % av sauene. Organisert beitebruk er næringa sine eigne data og er eit uvurderleg dokumentasjonsgrunnlag. Det er viktig at det blir vedlikehalde med korrekte areal og tilstrekkelege detaljar (roder).



Figur 4. Beitebrukskart med organiserte beitelag i Nord-Fron. Gul farge er sauelag, grøn farge er storfelag og brun farge er blandingslag. Kjelde: [www.kilden.nibio.no](http://www.kilden.nibio.no), 2020.

Det er i dag 12 beitelag i kommunen som er organisert med styre. Eitt av laga, Espedalen bygdealmenning er ei rein storfèdrift med storfe frå gardsbruk på vestsida av Laugen i både Fronskommunane. Kvam og Sørdorp hestearvelslag er også ei rein storfedrift med hovudbeiteområde i Vuludalen. I området er det utstrakt sambeiting over kommunegrensene. Beitelaget har beiterett i Fron- Atnedal Bygdealmenning, samt i fråseld areal som i dag er eigd av Mathisen-Atna as. Beitelaget disponerer tilsynsbu i Musvollseter, Vulubu og Eldåbu. Dei organiserte beitelaga kan søkje om tilskot gjennom *Regionalt miljøtilskott* og ordninga *Tilskot til organisert beitebruk*.

*Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029*


(OBB). Det blir gjeve tilskot til drifta generelt og til tilsyn spesielt. I tillegg kan det søkjast om *Tilskott til tiltak i beiteområder*.



Foto: Borgny Sletten

### 3.6.1 Sau på utmarksbeite


Talet på søyer og lam sleppt på utmarksbeite i kommunen har vore relativt stabilt dei siste femten åra. I 2006 var det sleppt 17.611 dyr. Fram mot 2012 gjekk talet ned til 14.144 dyr, for så å auke til 17.153 dyr i 2017. I 2019 var tal dyr på utmarksbeite 15.150 dyr. Tabell 4 syner utviklinga i talet på sleppte dyr i kommunen.



Tabell 4. Søyer og lam sleppt på utmarksbeite i perioden 2006-2019 i Nord-Fron.

Tala er henta frå organisert beitebruk.

Tabell 5 syner utviklinga i tapsprosent for søyer og lam på utmarksbeite i kommunen.



Tabell 5. Tapsprosent for søyer og lam på utmarksbeite i perioden 1981-2019 i Nord-Fron.



Tala er henta frå organisert beitebruk.

## Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029

Jf. tabell 5 syner tapsprosenten for søyer og lam på utmarksbeite i kommunen at ein hadde stabilt låge tap fram til midten av 1990-talet. Sidan dette har spesielt tapsprosenten for lam auka vesentleg i takt med aukande rovviltnestandar.

Generelt innan landbruket ser ein ei utvikling mot færre produsentar, men større einingar. Tilsvarande gjeld for Nord-Fron, kor talet på saueprodusentar er redusert frå 78 i 2009 til 64 i 2019, medan talet på dyr er relativt stabilt i same periode.

### Sau lam sleppt




Figur 5. Kartet viser tal dyr - søyer og lam sleppt på utmarksbeite i 2018. Tala er henta frå organisert beitebruk. Kjelde: [www.kilden.nibio.no](http://www.kilden.nibio.no), 2020.

### 3.6.2 Storfe på utmarksbeite

Talet på storfe som beitar i utmarka har auka dei seinare åra. I 2019 var det sleppt 2520 storfe (mjølkeku/ammeku og ungdyr), samtidig som bruk av utmarksbeite til mjølkeku har gått attende. Det var 28 setrer i drift i 2019.

#### Storfe sleppt

- 1 - 50
- 50 - 100
- 100 - 200
- 200 - 300
- 300 - 400
- over 400



Figur 6. Kartet viser tal dyr - storfe sleppt på utmarksbeite i 2018. Tala er henta frå organisert beitebruk. Kjelde: [www.kilden.nibio.no](http://www.kilden.nibio.no), 2020.

### **3.7 Organisering og tilsyn**

Beitelaga blir drive noko ulikt. Fleire lag har samling før beiteslepp om våren der tilsyn, diverse innkjøp og sankestart blir bestemt. Beitelaga har tilsynsordningar der dyreeigarane får ansvaret for bestemte veker i beitesesongen, slik at heile sesongen er dekka. Kvar enkelt skal da i tilsynsveka (-ne) sjekke saltingsplassar, føre tilsyn med heile beiteområdet og skrive tilsynsdagbok.

Det blir også brukt GPS til å dokumentere tilsyn. Eitt beitlag nyttar lønna gjetar, noko som har gjeve gode erfaringar i forhold til overvaking av beiteområdet gjennom sesongen.

### **3.8 Skjøtselstiltak – status**

Det er gjennomført skjøtselstiltak i utmarka på nokre områder i kommunen. Ulike skjøtselstiltak er nødvendig for å ta vare på naturkvaliteten areala har. Dette gjeld hovudsakleg kulturpåverka mark som til dømes areal kring setrer. På slike seterstuler har det gjennom tidene vore stort beitetrykk og landskapet held seg ope.

#### **Frydalen**

Frydalen er verna som landskapsvernombjørde ved kgl. Resolusjon 24.10.2003. Vernet omfattar m.a. setergrendene i Frydalen. Det er utarbeida ein skjøtselsplan for verneområdet. Søndorp og Kvam hesteavslag har i samarbeid med kommunen og Rondane Dovrefjell nasjonalparkstyre gjort eit skjøtselsarbeid i Frydalen. Det er m.a. oppretta avlastningsbeite for Øyasætra ved rydding og inngjerding innafor landskapsvernombjørdet. Formålet med dette er å sikre truga artar og opne opp att gamalt kulturlandskap.

Gjennom arbeidet har ein fått verdifull erfaring om skjøtselsmetodar. Jf. forslag til skjøtselsplan for Frydalen landskapsvernombjørde er ønskjeleg å videreføre dette skjøtselsarbeidet på Fryvollan, samt å få utført lignande tiltak ved Kvamsnysætrin.

#### **Langsua**

Langsua nasjonalpark med verneområder vart oppretta ved kgl. Resolusjon 11.03.2011. Espedalen landskapsvernombjørde omfatter Gausdal, Sør-Fron og Nord-Fron kommunar. Jf. forslag til forvaltningsplan er det utført skjøtselstiltak på Storhøliseter i form av gjerding, krattrydding og beite med hest.

## **Sikkilsdalen**

I Sikkilsdalen har det gjennom mange år vore gjennomført skjøtselstiltak med tynning av lauvskog og rydding av kvist. Ryddinga har opna kulturlandskapet og gjeve betre beitevilkår for hingstar med hopper og føl som går på beite i Sikkilsdalen kvar sommar.

### **3.9 Setring**

Nord-Fron har tradisjonelt vore ein stor seterkommune. Sjølv om utviklinga syner ein nedgang i tal mjølkeprodusentar som setrer i Nord-Fron, er kommunen likevel ein av kommunane i Innlandet med mest setring og den største seterkommunen i Gudbrandsdalen. Den tradisjonelle seterbruken i området nyttar utmarka som ein vesentleg innsatsfaktor. Ein god del lausnaut blir også sleppt med utgangspunkt i setrene.

Talet på setrer i drift og bruk av utmarksbeite til mjølkeku har gått mykje attende dei seinare åra. I 2019 var det 28 setrer i drift med mjøkeproduksjon i kommunen, av desse er det 2 geitsetrer. Trass i dette er Nord-Fron framleis den kommunen i Gudbrandsdalen med flest setrer i drift. Vedlegg 1 viser ei oversikt over setrer som er i drift med mjøkeproduksjon i kommunen i 2019. Tilsvarande tal i 2000 og 2004 er også teke med. Oversikta syner ein nedgang på 18 setrer frå 46 setrer til 28 setrer, dvs. ein prosentvis nedgang frå 2004 til 2019 på omlag 39 %.


I kommunen er det mange seterområde, nokre av dei består av fleire setrer og andre er enkeltsetrer. Seterområda i kommunen har ulike driftsformer og uttrykk. På einskilde seterstular er det store jorde (nydyrkingar) med ein vesentleg grasproduksjon. Noko beiting går føre seg her, men mykje av føret blir hausta og køyrd ned til bygda. Andre seterområde har meir preg av beite og mindre bearbeidde jorde. Felles er at mange av setrene har tradisjonelle seterhus og inngjerda kveer.

Korleis utmarksbeitet blir nytta i samband med seterdrifta varierer mykje. Nokon slepper både mjølkeku og ungdyr på utmarksbeite, andre berre ungdyr eller berre mjøkekua. Setrene blir også brukt som utgangspunkt for å sleppe andre beitedyr som t.d. sau og hest.

## Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029

Sau på utmarksbeite i område med seterdrift kan vere konfliktfylt. Særleg gjeld dette i områda der sauken trekkjer inn på seterstulane på forsommaren. Eit tiltak som truleg kan hjelpe, er å rydde nye område for kratt litt unna seterstulen. Dette vil kunne nyttast av mjølkekryrne etter at sauken har trekt lenger til fjells.

Ei optimal utnytting av beiteområda føreset ulike dyreslag, t.d. vil vekselbeite med sau og storfe gje ein god utnyttingsgrad av beitet, og bør truleg vurderast nærmare i dei områda der vårbeite for sauken kan vere knapt.



Figur 7. Setrer i drift i Nord-Fron i 2018. Blå prikk er enkeltsetrer og raud prikk fellessetrer

Kjelde: [www.kilden.nibio.no](http://www.kilden.nibio.no), 2020.

Seterområda utgjer viktige delar av kulturlandskapet, og da eldre setermiljø særskilt. I kommunen finst det seterområde som er i ferd med å gro att. Aktive seterstular blir oppfatta som positive innslag i fjell- landskapet. For at seterstulane skal

oppretthaldast, er det avgjerande at det er mjølk- eller kjøtproduksjon i bygda som aktivt nyttar setrene i sommarsesongen og opprettheld beitepresset i fjellet.

Kulturlandskapet i bygda og fjellet er såleis gjensidig avhengig av kvarandre for å kunne oppretthaldast. Dette er ein viktig samanheng, og framover vil det bli ei utfordring å halde oppe seterlandskapet.

Sjølv om den sentrale landbrukspolitikken gjev rammevilkåra for jordbruket, er det ein ønskja politikk i kommunen å leggje til rette for jordbruket generelt og seterbruken spesielt, jf. *Kommuneplanens samfunnsdel 2017-2028*: Under er det referert frå nemnde plan.

*Med bakgrunn i dette, blir det derfor viktig å:*

- *Være kritisk til å ta i bruk dyrka eller dyrkbare arealer til utbyggingsformål, med mindre fortetting mellom allerede utbygde områder tilsier at noe jordbruksareal skal tas «hull» på. I de tilfellene kan det være aktuelt å se på om det skal avsettes øremerkede arealer for nydyrkning, for å opprettholde andelen dyrka mark i kommunen.*
- *Kartlegge sentrale utbyggingsområder for å sikre at det ikke legges inn nye utbyggingsområder i de mest verdifulle beiteområdene i disse områdene.*
- *Skjerme viktige seterområder fra utstrakt hytteutbygging. Dette gjelder særlig de områdene som er i aktiv drift og/eller anses som svært verdifulle ut fra kulturlandskapshensyn. Her vil et viktig vurderingskriterium være om området er tatt hull på i hyttesammenheng allerede, eller om de er uberørt og viser det opprinnelige setermiljøet. Det må også ses på om setrene er i aktiv drift, eller om de benyttes som fritidsboliger allerede.*

Sett frå ei landbruksfagleg side vil ein presisere at det i plansamanheng også i framtida må leggjast vekt på å unngå hyttebygging inne på og tett inntil seterstulane. Dette m.a. for å unngå nedbygging av viktig beitemark og uroing av beitedyra. Det er også viktig å ta vare på setrene og beiteområda rundt desse av omsyn til kulturlandskapet.

Ein vil understreke at det ikkje må leggjast avgjerande vekt på om enkelte seterstular

ikkje har drift med mjølkeproduksjon i dag, og at det bør tilstrebast og ikkje øydeleggje / forringje moglegheitene for framtidig beitebruk i tilknyting til det verdifulle seterlandskapet ein har i kommunen.



Utmarksbeite føregår ofte med utgangspunkt i setrene. Rundt mange seterstular er arealet gjerne sterkt kulturpåverka som følgje av lang tids bruk. Biletet er frå Hattdalssetrin.

Foto: Arkiv.

### **3.10 Drivingsvegar**

I beitebruksplanen 2005-2017 er det ei oversikt over drivingsvegar som er nytta i samband med beitebruk. Registreringa vart gjort i 2000, og det vart kartlagt i alt 147 drivingsvegar. Dette gjeld i hovudsak eksisterande råk og nokre få vegar/gjeiler. Drivingsvegane er fortsatt viktige i samband med slepping av dyr på beite om våren og sinking om hausten. Føremålet med registreringa er at ein ved å vite kvar drivingsvegane går, lettare kan ta omsyn til dette ved m.a. planarbeid. For dokumentasjon av drivingsvegane, syner ein til omtale og kartvedlegg i Kommunedelplan for beitebruk for 2005-2017.

### **3.11 Status for vegetasjonskartlegging i kommunen**

I vegetasjonskartlegginga blir beitet klassifisert ut frå kvalitet. Beitekvaliteten av utmarksareal er først og fremst avhengig av kor mykje beiteplantar som finst på arealet og næringsverdien av desse. Vegetasjonskart gjev eit bilete av den mosaikken av vegetasjonstypar som det naturlege plantedekket består av.

Kartlegginga er nyttig verkty/dokumentasjon både for beitelag og for planarbeidet i kommunen.

Nedanfor er det summert opp kva som er målsetjinga med ei slik kartlegging.

Overordna mål:

- Leggje til rette for samla sett best mogleg utnytting av ressursane over tid
- Unngå konfliktar

Delmål:

- Vise kva beitebruken betyr i kommunen
- Synleggjera beitebrukarane sine behov i plansamanheng
- Bevisstgjere beitebrukarane

Norsk institutt for skog og landskap (nå NIBIO) utførte sommaren 2010 vegetasjonskartlegging av eit område på 76 km<sup>2</sup> på Kvamsfjellet innafor beiteområdet til Kvam østside beitelag. Kartlegginga skal tene som grunnlag for planlegging av beitebruk og skjøtsel av landskap i området. Arbeidet vart utført på oppdrag frå Kvam østside beitelag og Kvam grunneigarlag. Det føreligg rapport frå vegetasjonskartlegginga, vegetasjonskart og avleia temakart for sauebeite og storfebeite (Rapport 07/2011 - *Vegetasjon og beite på Kvamsfjellet*).

I samband med ei jordskiftesak vart det kartlagt omlag 5 km<sup>2</sup> i Skåbu, jf. rapport *Beitevurdering for jordskiftesak 3/1998 Skåbu hyttegrend* (NIJOS-dokument 21/01).


I 2013 vart det i fjellområdet mellom Gausdal og Valdres utført ei vurdering av beitekvalitet og beitekapasitet av NIBIO etter ei metode som nyttar arealressurskartverket AR50, utvalsflater frå prosjektet «Arealrekneskap for utmark» og feltarbeid. Arbeidet vart gjort på oppdrag frå Fylkesmannen i Oppland. Dette er meir å sjå på som ei overflatekartlegging, og ikkje tradisjonell vegetasjonskartlegging.

Det er gjeve ei nærmare omtale av beitetilhøva for 11 beitelag, deriblant 2 beitelag frå Nord-Fron: Storhøliseter beitelag og Espedalen bygdealmenning. Dette omfattar eit

## Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029

areal på omlag 150 km<sup>2</sup>. Ein viser til rapport 07/2013 – *Utmarksbeite i fjellområdet mellom Valdres og Gausdal* (Rekdal, Angeloff, NIBIO).

Figur 8 syner kva område i kommunen som er vegetasjonskartlagt t.o.m. 2019.



Figur 8. Område som er vegetasjonskartlagt i Nord-Fron t.o.m. 2019.

## 4 Lovverk og rammer

Beitebruk i utmark er i ulik grad berørt av mange lover. Plikter og rettar i samband med beitebruk er i tillegg regulert av fleire forskrifter, heimla i ulike lover. Nedanfor er dei mest sentrale lovene teke med, jf. tabell 6. Lista er ikkje uttømmende.

#### 4.1 Oversikt over aktuelle lover

Emne	Lover og forskrifter
Beitenæring, beiterettar, beiteregulering	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Beitelova (Lov om ymse beitespørsmål av 1961).             <ul style="list-style-type: none"> <li>- <i>Hovudregel (§ 6) er at eigar av dyr har plikt til å sørge for at dyra ikkje oppheld seg på stadar dei ikkje har rett til å vere.</i></li> <li>- <i>Plikt til å føre tilsyn (vokterplikta).</i></li> </ul> </li> <li>• Hanndyrlova (Lov om avgrensing i retten til å sleppa hingstar, oksar, verar og geitebukkar på beite av 1970).</li> <li>• Fjelloven (Lov om utnytting av rettar og lunnende m.m. i statsallmenningane av 1975).</li> <li>• Allmenningslovene derunder Lov om bygdeallmenninger (1992).</li> <li>• Motorferdsellova (Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 1977).</li> <li>• Jordlova (Lov om jord av 1995).</li> <li>• Forskrift om transport av levende dyr (2001).</li> <li>• Forskrift om velferd for småfe (2005).</li> <li>• Forskrift om forvaltning av rovvilt (Rovviltforskriften, 2005 med endring i 2013).</li> <li>• Forskrift om båndtvang for hund, Nord-Fron (2007 med endring i 2017).</li> <li>• Lov om dyrevelferd (Dyrevelferdsloven, 2009).</li> <li>• Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder (2013).</li> <li>• Forskrift om tilskudd til forebyggende tiltak mot rovviltskader og konfliktdempende tiltak (2013).</li> <li>• Forskrift om erstatning for tap og følgekostnader når husdyr blir drept eller skadet av rovvilt (1999 med endring i 2014).</li> <li>• Lov om fastsettjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m. (Jordskiftelova av 2013).</li> </ul>
Gjerdehald	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjerdeloven (Lov om grannegjerde av 1961).             <ul style="list-style-type: none"> <li>- <i>Oppfylling av 2 vilkår:</i> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. <i>Båe grunneigarar må ha nytte av gjerde. Fordelane må overstige ulempene for kvar av grunneigarane.</i></li> </ol> </li> </ul> </li> </ul>

	<p><i>2. Det må være klart at summen av nyutta for både eigedomane må vere større enn kostnadane.</i></p> <p><i>I motsett fall føreligg det ikkje gjerdeplikt.</i></p>
Ansvar for og vern av beitedyr	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dyrevelferdsloven (Lov om dyrevelferd av 2009, med endring av 2015).</li> <li>• Gjerdeloven (Lov om grannegjerde av 1961).</li> <li>• Hundelova (Lov om hundehold av 2003).</li> <li>• Forskrift om båndtvang for hund, Nord-Fron kommune, Oppland (2007 og 2017).</li> </ul>
Dyresjukdommar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forskrift om bekjempelse av dyresjukdommer (1995).</li> </ul>
Utbygging, hyttefelt og liknande	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Plan- og bygningsloven (Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 2008, med endring av 2017).</li> </ul>

Tabell 6. Samanstilling av lover og forskrifter.

I tillegg er det også andre lover som kan vere aktuelle, m.a. Lov om friluftslivet (Friluftslova), som m.a. seier noko om tilhøvet mellom innmark og utmark.

§ 1 Lovas formål: *Formålet med denne lova er å verne friluftslivets naturgrunnlag og sikre allmennhetens rett til fri ferdsel, opphold m.v. i naturen, slik at mulighetene til å utøve friluftsliv som en helsefremmende, triveskapende og miljøvennlig aktivitet bevares og fremmes.*

- ✓ *Som innmark eller like med innmark regnes i denne lov gårds plass, hustomt, dyrket mark, engslått og kulturbete samt lignende område hvor allmennhetens ferdsel vil være til utilbørlig trengsel for eier eller bruker.*
- ✓ *Med utmark mener denne lov udyrket mark som etter foregående ledd ikke regnes likt med innmark.*

#### 4.2 Inngjerding av fritidseigedomar i Nord-Fron

I gjeldande areal del av kommuneplan (vedteke 19.06.2018, KOM-sak 57/18), er følgjande reglar retningsgjevande for nye detaljreguleringsplanar for fritidsbustader: I Nord-Fron er maksimal arealgrense for inngjerda areal 300 m<sup>2</sup> pr. tomt, eksklusiv bebygd areal. Det er berre lov å føre opp samanhengande gjerde, og alle grinder

skal slå utover for å hindre at beitedyr går seg fast. Gjerdet skal førast opp på ein slik måte og vere slikt vedlikehalde, at det ikkje er farleg for folk eller husdyr.

Gjerdet skal vere minimum 1,10 meter høgt, og så sterkt og tett at det held husdyr ute. Det er ikkje lov med elektrisk gjerde, med unntak for Avstjønna som har eigne reglar i reguleringsplan. Gjerde skal ikkje stengje stig eller råk for allmenn bruk. Før gjerde kan førast opp i samsvar med kommunens gjerdereglar, skal det sendast skriftleg varsel til kommunen. Kommunen varslar aktuelle beitelag om oppføringa, med kopi til hytteeigar/tiltakshavar. I særlege tilfelle, når særlege forhold eller omsyn til beite, miljø eller allmenn ferdsel tilseier det, kan kommunen fråvike dei generelle retningslinene. Dei vedtekne endringane skal gjelde for følgjande planar:

- Arealdelen av kommuneplanen vedtatt 21.6.2011.
- Bakkerud-Risdal, vedtatt 21.11.1996
- Bleikmyra, vedtatt 31.10.1991
- Brennseterhøgda, vedtatt 23.2.1984
- Brennseterlia, vedtatt 25.10.1984
- Brennseterlia hytteområde sør, vedtatt 22.6.2006
- Brennseterlia nord, vedtatt 10.5.2006
- Dyrtjønnlia, vedtatt 30.4.1985
- Fagerlisetra, vedtatt 23.11.2000
- Fefor hytteområde, vedtatt 24.9.2003
- Feforkampen fjellstue, vedtatt 21.4.2009
- Flakken hytteområde, vedtatt 27.9.2001
- Flåbekklia hytteområde, vedtatt 30.3.2000
- Furulia, vedtatt 22.11.2001
- Heimstulen, vedtatt 8.5.2012
- Gnr. 203 bnr. 16 i Skåbu, vedtatt 29.3.2001
- Holslåa B4 (Sikkilsgrenda), vedtatt 18.1.2011
- Kammane, vedtatt 5.3.1998
- Kampen hytteområde, vedtatt 17.4.2012
- Klevstadlykkja hytteområde, vedtatt 9.6.2009
- Koltjønnlia hytteområde, vedtatt 18.12.2001
- Kvamsfjellet næring- og hytteområde, vedtatt 9.6.2009

- Kviknehøgda II B, vedtatt 5.3.1998
- Li i Kvikne, vedtatt 30.6.1994
- Ljoshaugen hytteområde, vedtatt 22.2.2010
- Låvåshaugen nord og Stølane hytteområde, vedtatt 23.2.2010
- Låvåshaugen sør, vedtatt 14.2.2008
- Merravika, vedtatt 18.12.2001

Innafor reguleringsplan for Avstjønna, er det tillate med straumgjerde, jf. kommunestyresak 44/2016, vedteke 26.4.2016. Vedtaket er referert under.

*I medhold av §12-14 vedtar kommunestyret slik endring av gjerdereglene i reguleringsplan for Avstjønna:*

1.	<i>Det tillates bruk av strømgjerder med 2 eller 3 tråder innenfor reguleringsplan for Avstjønna. Andre typer gjerder er ikke tillatt.</i>
2.	<i>Det skal til enhver tid være strøm på gjerdet, og dersom det ikke er tilstrekkelig strømforsyning fra batteriet skal gjerdet tas ned umiddelbart inntil tilfredsstillende strømforsyning er gjenopprettet.</i>
3.	<i>Hytteeier har ansvar for daglig tilsyn av strømgjerde.</i>
4.	<i>Maksimal arealgrense for inngjerdet areal settes til 300 m<sup>2</sup> pr. tomt, ekskl. bebygd areal.</i>
5.	<i>Gjerdet skal være slik oppført og vedlikeholdt at det ikke utgjør fare for folk.</i>
6.	<i>Gjerdet skal ikke stenge sti eller råk for allmenn bruk.</i>
7.	<i>Dersom det avdekkes brudd på noen av vilkårene over, eller det oppstår skade på beitedyr som en følge av bruk av strømgjerde, kan det innføres forbud mot bruk av størmgjerde for hele planområdet.</i>

#### 4.3 Bandtvang for hund

Lov om hundehald (Hundelova) har lovfesta bandtvang frå 1. april til og med 20. august. Nord-Fron kommune fastsette i 2007 lokal forskrift om utvida bandtvang for hund gjeldane fom. 21.8. tom. 15.10, jf. figur 9. I 2017 vart det gjort eit tillegg til forskrifta §2 som omhandler bandtvang i preparerte skiløyper, og det går nå føre eit arbeid med ytterlegare endring av §2 jf. bandtvang i preparerte skiløyper.



## **Bandtvang for hund i Nord-Fron kommune 1. april – 15. oktober**

### **Forskrift om utvida bandtvang for hund, Nord-Fron kommune, Oppland**

*Fastsett av utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker i Nord-Fron 23. mai 2007 med heimel i lov 4. juli 2003 nr. 74 om hundehald (hundelova) § 6 andre ledd bokstav a, b og e. Endra ved forskrifter 30 aug 2017 nr. 1356 (i kraft 8 okt 2017), 23 april 2020 nr. 1438.*

Nord-Fron kommune viser til lov om hundehald som har lovfesta bandtvang frå 1. april til og med 20. august.

#### *Utvida bandtvang:*

§ 1. Alle som bur fast eller for ei tid oppheld seg i kommunen og som sjølve eig/har ansvaret for hund, skal halde hunden i band eller forsvarleg innestengd eller inngjerda i tida frå og med 21. august til og med 15. oktober i dei områda der husdyr har rett til å beite og faktisk beitar.

§ 2. Eier eller innehaver av hund skal holde hunden i bånd eller forsvarlig innestengt eller inngjerdet:

- a. I bustadområde, handleområde og parkar, på og ved skular, barnehagar og anlegg for leik, idrett, sport eller rekreasjon samt i alle lysløyper så lenge de blir preparert.
- b. I perioden fra preparering starter til 31. mars er det båndtvang i helgene (fra fredag kl. 1600) samt f.o.m. 23. desember t.o.m. 2. januar, i vinterferieveker f.o.m. 20. februar t.o.m. 10. mars og laurdag før palmesøndag t.o.m. 2. påskedag i følgjande preparerte og merkede skiløyper.....(når det gjeld bandtvang i skiløyper i Nord-Fron, syner ein til vedlegg 2 s. 50 i beitebruksplanen - Forskrift om utvida bandtvang for hund, Nord-Fron kommune).

§ 3. Denne forskrifta gjeld ikkje for:

- a) dresserte gjeterhundar i arbeid
- b) tenestehund i arbeid, samt under lovleg trening eller prøving
- c) hund nytta i ettersøk etter såra eller sjukt vilt
- d) jakthundar som nyttast under lovleg jakt, samt under trening eller prøving på lovleg område og som blir følgd på forsvarleg måte av eigar eller innehavar
- e) organisert trening av brukshundar

§ 4. Brot på denne forskrifta er straffbart, jf. § 28 i hundelova.

Figur 9. Informasjonsplakat om reglar for bandtvang i Nord-Fron.

Med heimel i §1 i Forskrift om utvida bandtvang i Nord-Fron kommune skal alle som bur fast eller for ei tid oppheld seg i kommunen og som sjølv eig / har ansvar for hund, halde hunden i band eller forsvarleg innestengd eller inngjerda i tida frå og med 21. august til og med 15. oktober i dei områda der husdyr har rett til å beite og faktisk beitar. Lokal forskrift i Nord-Fron kommune er heimla i og kjem i tillegg til Lov om hundehald med lovfesta bandtvang frå 1. april til og med 20. august.

## **5 Utmarksbeite i plansamanheng**

### **5.1 Beitebruk og arealplanar**

Beiting i utmark er den mest arealkrevjande næringa i landbruket. Skogbruket krev også mykje areal, men medan det går fleire tiår mellom kvar gong skogen blir hogd, så haustar beitenæringa areala kvart år. Beitenæringa er avhengig av tilgang til store areal. Næringa må difor vere til stades i offentlege planprosessar og plandokument der arealbruk blir omhandla. Arealplanlegging handlar mykje om avveging av ulike interesser for størst mogleg samla nytte av arealbruken.

Det er mange brukarinteresser i utmarka. Skal næringa halde posisjonen sin her er det viktig å vere synleg, i tillegg må ein kjempe om dei «rette» areala. Synleggjering oppnår ein ved dokumentasjon av interesser, aktiv deltaking i planprosessar og ved å drive arealbruk ut frå kunnskap om kva som er god naturforvaltning på lang sikt. Det er gjennom dei kommunale planprosessane at mykje av arealbruken i utmarka blir avgjort. Her må difor beitenæringa vere til stades.

Næringa må vere på forskot med dokumentasjon av eigne arealinteresser.

Dokumentasjon må føreligge når prosessen startar. Planlegging (til eige bruk) gjev eit godt grunnlag for dokumentasjon. Det er viktig å dokumentere både ressursen, ressursbruken og verdiskapinga.

### **5.2 Beitenæringa som høyringsinstans**

Kommuneplanen sin arealdel blir vedteken av kommunestyret og gjev hovudtrekka i arealdisponeringa og rammer og føresetnadar for kva slags nye tiltak og ny arealbruk som kan setjast i verk, samt kva for viktige omsyn som må ivaretas ved disponering av areala. Dette er ein arealplan for heile kommunen. Kommunen har plikt til å

vurdere behovet for revisjon av arealdelen i samband med behandlinga av den kommunale planstrategien som kommunestyret er pliktig til å vedta seinast eitt år etter at kommunestyret er konstituert.

Reguleringsplan er ein meir detaljert plan. For mellom anna gjennomføring av større byggje- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, krevst det reguleringsplan. På reguleringsplannivå er det rom for detaljar som t.d. saltplassar og sankekveer. Beitelag / beiterettshavarar skal vere høyringsinstans i areal- og reguleringsplansaker. Dette er viktig for at berørte beiteinteresser skal kunne melde frå om sine interesser på eit tidleg stadium i planprosessen. Som det går fram av kap. 4.2 så varsler kommunen aktuelle beitelag i saker som gjeld inngjerding av fritidseigedomar når varsel om gjerde er motteke av kommunen.

### **5.3 Sperregjerde**

Gjerdetilhøva mellom innmark og utmark og rettar og ansvar i samband med dette, må avklarast i høve til gamle gjerdeplikter og eksisterande lovverk. Framover kan det bli meir aktuelt med samarbeidstiltak for oppsetting og vedlikehald av utmarksgjerde.

Sperregjerde kan vere alt frå små strekningar på nokre hundre meter til store fellesprosjekt på mange kilometer. Ansvar/eigar kan t.d. vere beitelag, gjerdelag eller grunneigarlag. Sperregjerde kan områdevise vere ei løysing for å halde dyra i riktig område. Gjerde er ei stor investering, og ein må difor legge vekt på å finne gode trasear med tanke på oppsetjing og vedlikehald.

Sperregjerde i beiteområde:

- Sikrar at dyra held seg på plass.
- Skapar ro for dyreeigar og beitedyr.
- Føreseielegheit er ein viktig føresetnad for at storfe blir sleppt på utmarksbeite.

Målsetjing med sperregjerde kan t.d. vere å halde husdyra vekk frå innmark, vegar, bustadfelt m.m., avgrense / frigjere store beiteområde og redusere kostnadane ved investering / vedlikehald.

Sperregjerde i Nord-Fron er sett opp følgjande stadar (lista er ikkje uttømmande):

*Espedalen bygdealmenning.* Dette er ei storfehamn i den vestlege delen av bygdealmenningen. Her er det sett opp sperregjerde frå Øyangen mot Oskampen med ferist i Jotunheimvegen i Sandåkluftin, samt frå Øyangen ved Aurebekk mot Merravika med ferist i Øyvassosvegen ved Merravikhalsen. Det blir elles vist til eiga lokal forskrift - Forskrift om unntak frå lov om avgrensing i retten til å sleppe hingstar, oksar, verar og geitebukkar på beite, Nord-Fron, Øystre Slidre og Vågå kommunar, Oppland av 06.06.2011, jf. vedlegg 3.

*Ovanfor Granslåa i Skåbu.* Det er sett opp sperregjerde opp over utmarka mot Skardfjellet for å hindre at beitedyr kjem fram i bygda.

*Skåbu sentrum.* Det er sett opp sperregjerde mot utmarka mellom ulike eigedomar. Gjerdet hindrar at beitedyr kjem inn i sentrum. Det er lagt ned elektrisk ferist i Skåbuvegen både ved kyrkja i Skåbu og ved Kampesæter, samt i vegen ved Austlifeltet.

*Toksefeltet.* Det er sett opp sperregjerde ovanfor Toksefeltet, som hindrar at beitedyr kjem inn i bustadfeltet. Gjerdet går mellom ulike eigedomar og det er lagt ned to fèrister

Sjølv om det har vore sett opp ein del sperregjerde dei siste åra, ser ein framleis behov for oppføring av ytterlegare gjerde. Gjennom tilskotsordninga *Tilskudd til investeringstiltak i beiteområder* kan beitelag søkje om midlar til fellestiltak som sperregjerde og samlekveer, ferister m.m. Ordninga blir forvalta av kommunen og søknaden sendast via Altinn.

## **6 Utfordringar knytt til beitebruk i utmarka**

Den viktigaste utfordringa er å utvikle utmarksbeitebruk tilpassa framtidas landbruk.

## 6.1 Attgroing

Ein ser eit ständig aukande problem med attgroing av utmarka. Beiting av husdyr hindrar at utmarka gror att og blir uframkommeleg og difor er nedgangen i beitebruk i utmark det største trugsmålet mot eit ope og framkommeleg landskap.

Det er difor viktig å leggje til rette for beitedyr og beitenæringa, da det er grunnleggjande for å hindre ytterlegare gjengroing av landskapet både i utmark og i gardsnære område. Det er også viktig å sjå verdien av beitedyr og beitebruken med tanke på reiseliv og turisme.

Ved naturleg attgroing er den største utfordringa sett utifrå beitebruken at tresettinga blir tett. Tilgjengelegheta til beitet blir därlegare og planteproduksjonen redusert pga. at lite ljos slepp til i skogbotn. Skogen over tid vil tynne seg sjølv, men dette er prosessar som tek lang tid. Forsøk i fjellbjørkeskogen på vestsida av Håkåsseterdalen i Sør-Fron, utført av Norsk Landbruksrådgivning Gudbrandsdalen og Skog og landskap 1993-2013, viste ei markant auke av gras, da spesielt smyle, ved forsiktig tynning av bjørk.

Jf. gjengroingsmodell laga ved NIBIO, er attgroingsarealet i Nord-Fron berekna til 158 km<sup>2</sup> eller 14% av kommunearealet. Det meste av desse areala ligg i seterlandschapet <http://kilden.nibio> (Bryn mfl. 2013). Generelt er attgroing på grunn av opphøyd eller redusert beite og slått antatt å påverke 685 artar (29%) negativt ([www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no)).

Attgroing med einer er eit problem rundt dei fleste setervollar. Nærrområdet til setrene og setervollane omfattar mindre areal. Her ser ein mange gode døme på at det går an å gjere noko med beitedyr og ulike maskiner. Målretta tilskott som stimulerer til beite på og omkring setrene er viktig her. Tilskottsordning for tungdrivne areal kan medverke til å oppretthalde drifta på meir marginale areal. Ei utfordring her er å få til heilskapleg skjøtsel kring setergrender slik at det ikkje berre blir flekkvise tiltak.

Ein bør ikkje rydde meir areal enn det som kan følgjast opp. Eit tiltak kan ha ulik verknad ettersom kva vegetasjonstype det blir sett inn i. Fleire dyreslag gjev betre kultivering og utnytting av beitet. For skjøtsel der skogen har etablert seg kan rådgjerder hentast i «Skjøtsel av fjellbjørkeskog for husdyrbeite» (Rekdal 2011).

Maskinell rydding/krattknusing og andre tiltak kan skade automatisk freda kulturminne. Slike tiltak må difor vurderast i forhold til kulturminnelova.

### **6.1.1 Bruk av gardsnær utmark**

Kulturlandskapet i kommunen har det siste århundret utvikla seg frå eit småskala og ope landskap med glidande overgangar frå innmark til utmark til eit meir storskala jordbrukslandskap kor skogen dannar klare grenser mot dyrkjorda. Kulturlandskapet inneheld også attgroingsområde i ytterkant av dei intensivt utnytta jordbruksområda og bureisingsområde / nydyrkingsområde.

Attgroing i nærleiken av bygda og busetnaden er mange stadar godt synleg. Dette gjer at det blir lite framkommeleg både for folk og dyr ved at m.a. gamle råk og ferdselever gror att. I tillegg påverkar det i mange høve kulturlandskapet negativt. Beite næringa kan vere med å bidra til å halde oppe landskapet gjennom aktiv beitebruk og skjøtsel. Ein meiner det bør vere eit mål å auke bruken av gardsnær utmark. Tidlegare var dette i større grad nytta som beiteområde for husdyr, men ettersom føresetnadene og driftsformene i jordbruket har endra seg, er det vorte mindre omfang av denne beitebruken.

Bruken av gardsnær utmark gjev nokre utfordringar. Det kan vere i høve til å avgrense beiteområda, i form av gjerde, ferist og liknande. Også i høve til ferdsel og andre friluftsaktivitetar kan det vere utfordringar. Til dømes er ammekyr på utmarksbeite eit stadig vanlegare syn, men ikkje alltid problemfritt med omsyn til hytteeigarar og turgåurar, da særleg dei som har med seg hund.

Ved ei god organisering kan ein truleg oppnå ein «vinn-vinn»- situasjon ved å stimulere til meir beiting i desse områda. Til dømes kan ein prøve ut eit slikt opplegg i område med spesielle kulturlandskapsverdiar.

### **6.2 Vedlikehald av gjerde**

Det er viktig å sikre eit godt vedlikehald av gjerde, slik at husdyr og vilt ikkje kjem til skade. Gjerde som blir dårlig vedlikehalde skapar problem for beitedyra. Til dømes er laus piggråd og dobbeltgjerde uheldig i så måte.

I Lov om dyrevelferd § 15 (Bygninger, gjerder og andre mindre innretninger) står det følgjande: *Bygninger, gjerder og andre mindre innretninger skal utføres eller oppføres og holdes vedlike slik at dyr ikke utsettes for fare for unødige påkjenninger og belastninger. Det skal ikke brukes piggtråd i gjerde for å regulere dyrs ferdsel. Den som er ansvarlig for bygningen, gjerdet og innretningen, skal føre nødvendig tilsyn med disse og gjennomføre nødvendige tiltak for å kunne oppdage, forebygge og avhjelpe fare for unødige påkjenninger og belastninger.*

Landbrukskontoret i samarbeid med Mattilsynet / dyrevernsnemnda har gjennomført gjerdetilsyn i seterområde i kommunen. Det har dei seinare åra vore utført tilsyn på Skårålia, noko av Vesleseterområde, delar av Leinesetra, Øldalen og Lomseterfeltet. Det er Mattilsynet som har saksbehandlinga i høve til vedtak / pålegg og det er Lov om dyrevelferd som ligg til grunn.

Det har også vore gjennomført gjerdetilsyn i hytteområde på Kvamsfjellet i samband med oppsett strømgjerde som var farleg for beitedyr og vilt.

### **6.2.1 Bruk av piggtråd**

Bruk av piggtråd blir regulert gjennom dyrevelferdslova § 15. Da ny lov om dyrevelferd trådde i kraft 1.1.2010 vart det sett eit absolutt forbod mot piggtråd i gjerde sett opp for å regulere dyrs ferdsel. Dette forbodet gjeld både innmark og utmark. Mattilsynet har rydda opp i eldre lokale forskrifter om bruk av piggtråd.

Bestemmelsen om forbod mot bruk av piggtråd i gjerde for å regulere dyrs ferdsel medfører at piggtråd ikkje kan nyttast når materiale i gamle gjerde med piggtråd må skiftast ut. Sjå forarbeid til dyrevelferdslova, Ot.prp. nr. 15 s. 104.

Det er framleis lov å ha piggtråd i eksisterande «gamle» gjerde, men det er ikkje lov å skifte ut gammal piggtråd med ny.

### **6.3 Rovvilt**

Forvaltningsplan for rovvilt i region 3-Oppland, samt rovviltforskrifta og anna overordna regelverk er styrande for rovviltnormaltninga. Handlingsrommet innafor gjeldande regelverk er avgrensa, og det er steile frontar mellom dei ulike interessene.

Sentrale aktørar er beitenæringa, kommunen, fylkesmannen, rovviltnemnda, miljødirektoratet og Statens naturopsyn.

Kommunen har ansvaret for det kommunale skadefellingslaget, men har utover dette ingen myndighet i rovviltforvaltninga. Dialog, samarbeid og samhandling mellom dei sentrale aktørane før, under og etter beitesesongen er heilt avgjerande. Når det gjeld bestandsregulering av rovviltartane har ein lisensjakt og kvotejakt som hovudverkemiddel, og utover dette skadefelling og ekstraordinære uttak / hiuttak.

Kommunane i Gudbrandsdalen har generelt felles problemstillingar og utfordringar når det gjeld rovviltforvaltning, og det er oppretta tett samarbeid mellom fleire kommunar. Til dømes har Nord-Fron, Sør-Fron, Ringebu og Sel likelydande arbeidsavtaler som gjer at ein kan nytte skadefellingsmannskap effektivt utover kommunegrensene. Nemnte kommunar har bidrige med finansiering til felles skytetreningsanlegg med bevegelege mål på Klinkenberg i Sør-Fron, samt gjort innkjøp av felles flaggline til bruk ved skadefelling på ulv.

Nord-Fron og Sør-Fron kommunar har etablert interkommunalt skadefellingslag. Dette rasjonaliserar personalarbeidet ved at arbeidsforhold inkl. forsikring og lønskjøring er lagt til ein kommune. Fronskommunane og Ringebu har vidare etablert interkommunal vakttelefon som er bemanna gjennom heile beitesesongen, og som blant anna syter for søknadar om skadefelling og sms-varsling. Dette er eit vesentleg bidrag i arbeidet for at berørte beitebrukarar skal få rask respons og nødvendig bistand.

Beitenæringa i Fronskommunane har sjølv etablert ei beredskapsgruppe - *Beredskapsgruppa i Fron*. Etableringa av beredskapsgruppa var eit pilotarbeid, og har vorte mal for tilsvarande etableringar i andre distrikt og regionar i ettertid. Beredskapsgruppa vart oppretta for å vere ei *hjelpande hand* for gardbrukare i Fron. Gruppa skal kunne bistå med å organisere hjelp til beitebrukare/gårdbrukare som opplever rovdyrangrep og andre ekstraordinære hendingar, som brann, sjukdomsutbrudd i buskapen, dødsfall, naturkatastrofer o.l. Dette er eit tilbod for dei som ønske det. Dette gjeld alle gardbrukare i Fron, og er eit gratis tilbod.

Beitenæringa og kommunen har eit godt samarbeid når det gjeld bruk av FKT-middel til førebyggjande og konfliktdempande tiltak. Landbrukskontoret har årlege møte med beitelaga og skadefellingsleiarane. Det er etablert ei ordning med regelmessig bruk av kadaversökshundar i dei ulike beiteområda gjennom heile beitesesongen, slik at ein snarast mogleg kan finne skadde og drepne dyr. Kadavarsökshundane blir organisert gjennom Norske kadaverhunder.

Beitebrukarar som opplever akutte skadesituasjonar kor rovvilt skadar og drep beitedyr, får tilbod om oppfølging av psykososialt kriseteam i kommunen.

Landbrukskontoret varslar kriseteamet ved rovviltangrep. Nord-Fron kommune har store utfordringar når det gjeld rovvilt, og ein har hatt fleire rovviltangrep dei seinare åra. Ein syner til vedlagt beredskapsplan der rutiner for arbeid ved rovviltangrep og søknadar om fellingstillatelser er omtala. Ulike rovviltartar gjev ulike utfordringar.

*Jerv:* Ein har fast tilfald av jerv på austsida, noko som medfører årvisse tap av beitedyr innan Kvam østside beitelag og Sødorp beitelag. Bestanden har over tid ligge over bestandsmålet jf. bestandsmål på 4 ynglinger. Bestanden skal som hovudregel regulerast gjennom lisensjakt. Bruk av laus, på drevet halsande hund er forbode. Skadefelling på barmark gir for sjeldan teljande resultat og er kostnadskrevjande. Ekstraordinære uttak / hiuttak i regi av Miljødirektoratet er kontroversielt og kostnadskrevjande, og blir ikkje utført i tilstrekkeleg omfang.

*Ulv:* Region 3-Oppland har no årlege angrep av ulv på beitedyr, noko som er ei sterkt beklageleg utvikling. Uttak av ulv før beitesesongen tek til er heilt vesentlig for å halde skadeane nede, men ulv trekker til våre område i heile perioden mai, juni og juli, dvs. at det er stort skadepotensiale i beitesesongen. Fylkesmannen gir dispensasjon til bruk av laus, på drevet halsande hund på ulv, men ein har ikkje mange hundar av tilstrekkeleg kvalitet. Ei ytterlegere forverring av situasjonen er ikkje handterande i forhold til skadefelling. Det er felt 8 ulvar i Nord-Fron dei siste ti åra.

*Bjørn:* Talet på bjørn som brukar Nord-Fron og Midt-Gudbrandsdalen som ein del av sitt leveområde har gått noe ned dei siste åra jf. DNA-analyser basert på innsamling av møkk/hår, samt dokumenterte skadar på sau. Uttak av hannbjørn på sporsnø om våren (mai/juni) har hatt god effekt i Region 3-Oppland, dette er eit særskilt godt

skadeførebyggjande tiltak. I tillegg blir det gjort regelmessige uttak i Region 5-Hedmark. Fom. 2016 har Fylkesmannen gitt avslag på uttak av hannbjørn på sporsnø om våren pga. få dokumenterte bjørnar (DNA) i Region3-Oppland. Det er vanskeleg for jegarar å få trent opp gode hundar, da det er avgrensa med treningsmoglegheiter i vårt distrikt.

*Gaupe:* Bestanden let seg over tid regulere gjennom kvotejakt, jf. bestandsmål på 5 familiegrupper. Det har dei seinare åra vore ei klar auke i bestanden av gaupe i Nord-Fron og Midt-Gudbrandsdalen, jf. registrerte familiegrupper. Registrerte skadar frå gaupe er ofte konsentrerte og sporadiske, men det er vanskeleg å finne kadaver raskt nok til å få dokumentert skadegjerar. Det er stor interesse blant jegarane for kvotejakt på gaupe, jakta er godt organisert og det er tillate med laus, på drevet halsande hund.

*Kongeørn:* Radiobjölleprosjektet som vart gjennomført på vestsida i Fronskommunane i 2018 og 2019 viste at kongeørn er ein vesentleg skadegjerar på beitedyr. Prosjektet viste at kongeørn tek lam både på innmark og utmark, og skadane var i heile perioden frå mai til august. Det er generelt vanskeleg å dokumentere skadar frå kongeørn, og det er i praksis ikkje mogleg å få løyve til skadefelling då ein ikkje har moglegheit til å dokumentere tilstrekkeleg med skadar.

Når freda rovvilt skadar eller drep husdyr, kan husdyreigarane etter søknad få erstatning for tap og følgjeskadar. Erstatningsordninga er heimla i viltlova §12a, og regulerast av eigen forskrift. I 2019 blei det omsøkt erstatning for tap til rovvilt for 592 søyer og lam i Nord-Fron, og det blei utbetalt erstatning for 296 søyer og lam. Størsteparten av erstatningene vart utbetalt for sau/lam drepe av jerv, gaupe og kongeørn. Tabell 7 syner oversikt over tal søknadar, totale tap, erstattta og erstatningsbeløp for perioden 2009-2019.

År	Tal søknadar	Totale tap – søyer/lam	Erstattta – søyer/lam	Erstatningsbeløp
2019	25	592	296	724.168
2018	24	675	316	777.030
2017	29	833	424	974.364
2016	30	670	340	857.497
2015	19	503	237	582.056
2014	19	417	194	564.240
2013	37	821	490	1.065.508


## Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029

2012	23	383	182	343.703
2011	33	668	373	722.358
2010	29	493	236	449.221
2009	28	703	479	1.001.849

Tabell 7. Oversikt over tal søknadar, totale tap, erstattta og erstatningsbeløp for perioden 2009-2019. Kjelde: Rovbase.no

Tapsprosent lam

- 0 - 4 %
- 5 - 6 %
- 7 - 8 %
- 9 - 12 %
- 13 - 20 %
- over 20 %



Figur 10. Tapsprosent lam 2018\*. Kjelde: [www.kilden.nibio.no](http://www.kilden.nibio.no), 2020.

\*Feil i talgrunnlaget når det gjeld Kvikne og Sorperoa beitlag, rett tapsprosnet skal vere 4,3%.

## 6.4 Utbygging / annan aktivitet

Dette kan til dømes gjelde:

- Arealkonfliktar av ulik art.
- Utmarksbeite – Fritidsbruk.
- Spreidd vs. konsentrert utbygging.
- Sentrale – Lokale interesser.

Beitebruken er arealkrevjande og synleggjer ein del konfliktområde med andre brukarar av utmarksareal som utbygging av hytter, fritidsaktivitetar, friluftsliv, jaktinteresser, rovvilt, vern osb.

Det er 2447 hytter i kommunen pr. 2020, jf. statistikk frå Statistisk sentralbyrå.

Statistikken omfattar omfattar hytter, sommarhus, heilårsbustad- og våningshus nydda som fritidsbustad. Det er 925 stk. regulerte, men ubebygde fritidstomter i kommunen (jf. *Arealpolitiske retningslinjer, Vedlegg til Kommuneplanens samfunnsdel 2017-2028*). Desse fordeler seg både på etablerte hyttefelt og i nye område til hyttebygging gjennom vedtekne planar.

Gjennom kommuneplanen sin samfunnsdel 2017-2028 er det lagt føringar for etablering av nye areal for fritidsbustadar, der det m.a. heiter at «*Viktige beiteområde ikke skal tas i bruk som areal for hyttebygging*». Det er viktig at dette blir følgd opp, ettersom ein i område med fritidseigedomar (særleg i område med mange hytter), større reiselivsbedrifter og annan aktivitet, mellom anna vil få ein del trafikk som kan verke forstyrrende på beitedyra.

Kommunen har positive erfaringar knytt til felles regelverk for inngjerding, både til samarbeid med beitelaga og hytteeigarane si forståing for det nye regelverket.

## 6.5 Radioaktivitet

Nord-Fron var ein av dei kommunane i landet som vart hardast ramma av radioaktivt nedfall etter Tsjernobyl-ulukka i 1986. Radioaktivt nedfall i beitegras førte til at slakta innehold meir radioaktivitet enn dei vedtekne grenseverdiane. Grenseverdien i kjøt er på 600 becquerel/kg kjøt. Dette har medført at beitelaga har vore pålagt inntil 9 veker med ned føring før dyra kunne leverast til slakt. Sidan 1986 har radioaktiviteten i beitegras og levande dyr vore målt kvar haust.

Desse tiltaka skal, saman med stikkprøvekontrollar ved slakteria, sikre at det kjøtet som kjem ut på marknaden ikkje skal ha for høge bequerelverdiar. Lang nedforingstid fører til større behov for heimebeite om hausten, og med det eit større arealbehov pr. vinterføra sau. Den einskilde saueeigar må då ta ei avveging om ei eventuell utviding av arealet eller ein reduksjon i dyretalet.

Generelt dei siste åra er det ein tendens til nedgang i bequerelverdiane. I 2019 vart det målt sau frå 3 beitelag i Nord-Fron. Det var frå Leinbakken beitelag, Storhøliseter beitelag og Skåbu beitelag m/Murulia. Totalt vart det målt 10 besetningar, og av desse var det fire som fekk pålegg om nedforing.

## **6.6 Organisering av beitelaga**

Nedgang i talet på husdyrbrukarar som er med i organisert beitebruk gjer at det blir færre til å gjere ein innsats i beitelaga. Utviklinga i beitenæringa med færre beitebrukarar og større buskapar er ei utfordring med omsyn til auka arbeidsmengde pr. brukar.



Storfe på beite i Vuludalen. Foto: Arkiv.

## **6.7 Ulike beiteinteresser**

Dette kan gjelde:

- Seterbrukarar.
- Sinkyr, kviger.
- Ammekyr.
- Sau.
- Geit.

Konfliktar mellom ulike beiteinteresser førekjem. Eit døme kan vere sau som blir sleppt tidleg på utmarksbeite, og der dette kan medføre at utmarksbeite rundt seterstular blir nedbeita.

## **7 Nye moglegheiter knytt til beitebruk i utmarka**

### **7.1 Ny teknologi**

I samband med å utvikle utmarksbeitebruk tilpassa framtidas landbruk, er ny teknologi ein moglegheit som dels er teken i bruk, og som truleg vil gje fleire moglegheiter i framtida.



Sauesanking. Her frå Lystjønna på Sødorpfjellet, 1050 moh. Bilete frå Peer Gynt mat.

## Radiobjøller

Mange brukarar i kommunen har teke i bruk radiobjøller på dyra sine. Sporingsutstyr gjev signal med jamne mellomrom slik at dyreeigar via data kan sjå kvar dyra er til ei kvar tid. Dette kan vere til hjelp ved rovdyrangrep og sjuke dyr da det utløyser ein alarm dersom dyret har lege roleg for lenge. Radiobjøller blir brukt mest på sau, men også noko storfe er merka. Desse er avhengig av mobildekning for å fungere.

## No-fence

Dette er eit elektronisk trådlauast gjerdesystem til bruk for å halde dyra innafor eit definert, kartfesta område.

## **8 Tiltaksdel**

### **8.1 Handlingsplan / mål**

Handlingsplanen viser ei oversikt over kva for tiltak som beitenæringa ønskjer å vektlegge og arbeide med dei nærmaste åra. Handlingsplanen kan reviderast ved behov i planperioden. Det er kommunen ved landbrukskontoret som har ansvar for at dette blir oppfølgd.

Ein har valt å «spisse» handlingsplanen med nokre få tiltak, og meiner dette kan gjera det enklare å nå målsetjingane i planen. Ved rullering annakvart år vil ein ha moglegheit til å setje fokus på «nye» innsatsområde.

#### **8.1.1 Rovvilt**

Formål	Førebygge tap av dyr på beite.
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"><li>• Vidareføre ordninga med interkommunalt skadefellingslag i Fron.</li><li>• Vidareføre ordninga med interkommunal vakttelefon i Midt-Gudbrandsdalen.</li><li>• Vidareføre tett samarbeid mellom kommunen og beitenæringa jf. varslingsrutiner og rask igangsetting av skadefelling.</li><li>• Støtte økonomisk opp om beredskapsgruppa i Fron.</li></ul>

## Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Mest mogleg effektiv bruk av FKT-middel, jf. samarbeid og koordinering mellom kommunen og beitenæringa.</li> <li>• Vidareføre godt samarbeidsklima mellom beitenæringa, kommunen, fylkesmannen, rovviltnemnda og SNO.</li> <li>• Freiste å påverke sentrale myndigheter til å gi løyve til bruk av laus, på drevet halsande på ulv, jerv og bjørn under lisensjakt og skadefelling.</li> <li>• Freiste å påverke sentrale myndigheter til å gi løyve til uttak av bjørn på sporsnø om våren (Fått avslag sidan 2016).</li> <li>• Freiste å påverke sentrale myndigheter til å utvide lisensfellingsperioden på jerv, slik at denne startar 20.8 i staden for 10.9.</li> </ul>
Bakgrunn	Nord-Fron har store utfordringar når det gjeld rovvilt, og har dei seinare åra hatt i overkant av 5% samla tap av søyer/lam på utmarksbeite. Ein har fast tilhald av jerv på austsida som medfører årvisse tap. Bestanden av jerv har over lengre tid ligge vesentleg over bestandsmålet. Kommunen ligg utsett til i forhold til streifande ulv, og det er felt 8 ulvar i kommunen dei siste 10 åra. Det er ei stor utfordring at ulven ofte kjem inn i våre beiteområde først på barmark etter beiteslepp i juni, det er da vanskeleg å utføre skadeførebyggjande uttak. Tap av beitedyr til bjørn har vore få og sporadiske dei seinare åra jf. også svært få DNA-treff på bjørn i våre område. Bestanden av gaupe har dei seinare åra vore aukande, og medfører vesentlege tap i utsette beiteområde. Når det gjeld kongeørn har gjennomført radiobjølleprosjekt på Fron vestside dokumentert at arten er ein vesentleg skadegjerar.
Ansvarleg	Kommunen og beitenæringa.
Finansiering	FKT-middel og kommunen.
Gjennomføring	I planperioda.

### 8.1.2 Gjerdeproblematikk

Formål	Kontrollere og vedlikehalde gjerder mot utmark.
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>Informere om gjerdehald i informasjonshefte til landbrukskontoret og i andre kommunale fora (heimeside etc.).</li> <li>Vidareføre samarbeidet med Mattilsynet om å gjennomføre kontrollar av gjerde i ulike delar av kommunen.</li> <li>Følgje opp gjerde i regulerte områder.</li> <li>Oppmode faglaga i landbruket til å setje fokus på gjerdevedlikehald, t.d. grendevis.</li> </ul> <p>Punktet kan også gjelde bygningar o.a. i dårlig stand som kan vere dyrefeller.</p>
Bakgrunn	<p>Jf. Lov om dyrevelferd er det den som er ansvarleg for bygningen, gjerdet og innretninga som skal føre nødvendig tilsyn med desse og gjennomføre nødvendige tiltak for å kunne oppdage, førebygge og avhjelpe fare for unødige påkjenningar og belastningar.</p> <p>Mattilsynet har heimel til å fatte vedtak ved brot på Lov om dyrevelferd, og har ansvaret for oppfølging av farlege gjerde. I tillegg til at offentlege instansar set fokus på temaet, meiner ein det er viktig at næringa sjølv tek tak i dette. T.d. ved at faglaga fokuserer på dårlig vedlikehalde gjerde, dette kan ein t.d. gjere grendevis.</p>
Ansvarleg	Landbrukskontoret / kommunen, Mattilsynet og beitenæringa.
Finansiering	Mattilsynet og landbrukskontoret / kommunen.
Gjennomføring	I planperioda.

### 8.1.3 Fritidsbebyggelse / hyttebygging m.m. – redusere konfliktar

Formål	Ta omsyn til beiteinteresser i kommunale planar og redusere konfliktar med andre interesser i utmarka.
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vidareføre arbeidet med kartlegging av beitekvaliteten i utmarksområde i kommunen.</li> <li>Gode planprosessar og tidleg involvering i plansaker / andre utbyggingssaker.</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Informasjon om beitenæringa for å betre forståinga og førebygge konfliktar.</li> <li>• Beitelag/ beiterettshavarar skal vere høyringsinstans ved planprosessar som omfattar arealendringar i utmarka.</li> <li>• Informasjon om Forskrift om utvida bandtvang for hund i Nord-Fron kommune.</li> </ul>
Bakgrunn	<p>Det er ønskjeleg å få kartlagt beitekvaliteten i beitelagsområda (vegetasjonskartlegging) slik at ein har eit fagleg sikkert grunnlag for å ivareta beiteinteressene og styre arealbruken i plansaker og i samband med andre avgjerder som berører utmarksområda.</p> <p>I tillegg er det viktig at beiteinteressene kjem tidleg inn i planprosessane for at desse skal bli teke omsyn til og vere med i beslutningsgrunnlaget.</p> <p>Oppmode grunneigarar og utbyggjarar om å informere om at det går beitedyr i området, om beiterettslege tilhøve og om gjerderegler ved sal av hyttetomter eller utbyggingsareal. Dette kan utformast i t.d. ei utbyggjaravtale.</p> <p>Informere om beiterett og beitedyr i aktuelle medium for brukarar av utmarka, t.d. hytteposten og infotavler i turområde etc. Særleg viktig å informere om storfebeiting og korleis storfe reagerer på hundar, korleis ein skal forholde seg til skadde beitedyr, varsling etc.</p>
Ansvarleg	Beitenæringa og kommunen.
Finansiering	Investeringstilskot i beiteområde, SMIL-tilskott og evt. kommunalt bidrag.
Gjennomføring	I planperioda.

#### 8.1.4 Rydding av beiteareal i utmark

Formål	Utføre skjøtselstiltak i beiteareal i utmarka for å få fram betre beite og førebygge gjengroing.
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tynning</li> <li>• Krattknusing</li> <li>• Sambeiting</li> </ul> <p>Særleg fokus på område rundt seterstular og i «gardsnært kulturlandskap» i område som er særleg verdifullt.</p>

## *Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029*

Bakgrunn	Store areal i fjellet og i bygda gror att med einer og kratt. Ved planlegging av tiltak er det viktig å tenkje langsiktig, og ikkje rydde meir enn det arealet som kan følgjast opp. Eit tiltak kan ha ulik verknad etter kva for vegetasjonstype det blir sett inn i. Det er viktig å rydde dei areala som gjev best beitekvalitet. Ettersom det blir lagt opp til å rullere handlingsplanen kvart 2. år, er det i planen gjort ei målretting av kva for område som bør ryddast. I denne perioden foreslår ein å prioritere seterstular og områda rundt desse, samt gardsnært kulturlandskap, med fokus på særlege verdifulle kulturlandskap som t.d. Gardvegen i Kvam. I tillegg til å auke beiteverdien i desse områda, vil ein også få vedlikehalde verdifulle og tilgjengelege landskap som er / har vore sterkt kulturprega.
Ansvarleg	Beitelaga saman med kommunen og evt. anna næringsliv.
Finansiering	SMIL-tilskott, Investeringstilskot i beiteområde.
Gjennomføring	I planperioda.

**Vedlegg 1. Setrer i drift med mjølkeproduksjon**

Namn på seterstul	Geografisk plassering	Tal på setrer med mjølkeproduksjon i 2004	Tal på setrer med mjølkeproduksjon i 2019
<b>Sødorpjellet</b>			
Koltjønnhaugen	Mellom Frydalen og Fiskedalen	1	1
Fiskedalen	Sødorpjellet	3	1
Sulseter	Sødorpjellet, fremre del	1	1
Midtstulen	Sødorpjellet, fremre del	1	1
Nysetra	Sødorpjellet, fremre del	2	1
Lauvåsen	Sødorpjellet, fremre del	1	1
Skårålia	Sødorpjellet, fremre del	1	1
<b>Kvamsjellet</b>			
Klevstadlykkja	Kvamsjellet	1	1
<b>Rustkjølen</b>			
Huskelisetra	Rustkjølen/Fefor	1	
Tjyrubua	Vest for Lomsetra	1	1
Fagerli	Rustkjølen	8	1
Lomsetra	Rustkjølen	7	2
Hattdalssetra	Rustkjølen, mot Dalseter	1	
Rudlandssetra	Rustkjølen, mot Sør-Fron	1	2
<b>Øldalen/Skjedalen</b>			
Søljerusta	Baksida mellom Vinstra og Kvam	1	1

*Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029*

Øldalen	Baksida mellom Vinstra og Kvam	2	1
Steinsetra	Mellom Øldalen og Saukampen	2	2
Vollsetra	Mellom Skjedalen og Saukampen		1
<b>Kvikne/Skåbu</b>			
Breistulen	Tverrbygda, inn mot Saukampen	4	3
Bukkebu	Ved Breistulen	1	1
Nersetertlia	Ved Breistulen	1	
Tjønnsetra	Mellom Nysetra og Breistulen	1	1
Nysetertlia	Innover mot Nysetra	1	1
Hinøgelslisetra	Mellom Rauskardet og Sikkisdalsvegen		1
Flysetra	I området mellom Åkrevatnet og Oskampen	1	
Holslåa	Ved Skardfjellet	1	1
Raudskardet	Ved Raudskardkampen	1	
Espedalen	Aust for Dalseter i Sør-Fron	1	1
<b>Totalt</b>		<b>46</b>	<b>28</b>

Kjelde: Regionalt miljøtilskott 2019.

## Vedlegg 2. Forskrift om utvida bandtvang for hund, Nord-Fron kommune

### Forskrift om utvida bandtvang for hund, Nord-Fron kommune

Dato	FOR-2007-05-23-574
Publisert	II 2007 hefte 3
Ikrafttredelse	01.08.2007
Sist endret	FOR-2020-04-23-1438 fra 23.04.2020
Gjelder for	Nord-Fron kommune, Innlandet
Hjemmel	<a href="#">LOV-2003-07-04-74-§6</a>
Kunngjort	07.06.2007
Korttittel	Forskrift om utvida bandtvang, Nord-Fron

Fastsett av utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker i Nord-Fron 23. mai 2007 med heimel i lov 4. juli 2003 nr. 74 om hundehold (hundeloven) § 6 annet ledd bokstav a, b og e. **Endra** ved forskrifter 30 aug 2017 nr. 1356 (i kraft 8 okt 2017), 23 april 2020 nr. 1438.

Nord-Fron kommune viser til lov om hundehald som har lovfesta bandtvang frå 1. april til og med 20. august.

#### *Utvida bandtvang:*

**§ 1.** Alle som bur fast eller for ei tid oppheld seg i kommunen og som sjølve eig/har ansvaret for hund, skal halde hunden i band eller forsvarleg innestengd eller inngjerda i tida frå og med 21. august til og med 15. oktober i dei områda der husdyr har rett til å beite og faktisk beiter.

**§ 2.** Eier eller innehaver av hund skal holde hunden i bånd eller forsvarlig innestengt eller inngjerdet:

- a. I bustadområde, handleområde og parkar, på og ved skular, barnehagar og anlegg for leik, idrett, sport eller rekreasjon samt i alle lysløyper så lenge de blir preparert.
- b. I perioden fra preparering starter til 31. mars er det båndtvang i helgene (fra fredag kl. 1600) samt f.o.m. 23. desember t.o.m. 2. januar, i vinterferieveker f.o.m. 20. februar t.o.m. 10. mars og laurdag før palmesøndag t.o.m. 2. påskedag i følgjande preparerte og merkede skiløyper:

#### *Skåbu–Tverrbygda*

Revgrensrunden; Fra Lysløypa, Bakkerudmyra, Nyseterkrysset, Ljosmyra, Appelsinkrysset og til Lysløypa.

Gråhø rundt; Fra Kutjern, Murudalseter, Glupen, Nyseterkrysset, Ljosmyra og til Kutjern.

## *Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029*

Lauvåsen rundt; Fra Bakkerudmyra, via Høystad, Nyseter, Nyseterkrysset og til Bakkerudmyra.  
Skåbyggjarunden; Fra Nersæter, Breistulen rundt, Nyseter og til Nersæter.  
Grendeløypene; Fra Ljosmyra, Grendekrysset, Sikkilsgrenda, Skardfjellgrenda, Kutjern og til Grendekrysset.  
Åsengløypene; Fra Åseng til Breistulen.

*Fefor*  
Veslekampen  
Valsfjell  
Steinosvika–Svarthaugtjønna  
Steinosvika–Sand  
Sandslia–Fefor  
Lomsætra–Klemetsrudssætra  
Lommoen–Lomdalen  
Lomdalen fra Feforvatnet til løypekryss Lomsetra  
Feforvannet rundt  
Feforkampen rundt  
Fagerlisætra–Lomdalen  
Fagerlisætra–Feforvatnet  
Orange rundt Gålåvatnet (del som er i Nord-Fron).

*Sødorpjfjellet–Gravdalen*  
Sulsætra–Skårålia  
Sulsætra–Afstjønna  
Runde om Veslfjell  
Runde om Stensengsætra  
Runde Bergesætra  
Midtstulen–Lauvåsen  
Tjønnsæterrunden  
Fiskdalen  
Runde om Smiubotnan  
Runde Skardsætra.

*Kvamsfjellet*  
mot Sukkertoppen-Lavo  
Tjønnseter  
Sukkertoppråket  
Langtjønn runden  
Kvamsfjellet Skiarena  
Kringsæter runden  
Hovde runden lang  
Hovde runden kort  
Furusjøen rundt 20 km.

*Kvikne*  
Vardfjellsetra–Kongslikammen  
Kongslikammen–Revsberget.

- c. På kyrkjegardar er det ikkje tillate å ta med hund.

Endra ved [forskrifter 30 aug 2017 nr. 1356](#) (i kraft 7 okt 2017), [23 april 2020 nr. 1438](#).

**§ 3.** Denne forskrifta gjeld ikkje for:

- a) dresserte gjetarhundar i arbeid
- b) tenestehund i arbeid, samt under lovleg trening eller prøving
- c) hund nytta i ettersøk etter såra eller sjukt vilt
- d) jakthundar som nyttast under lovleg jakt, samt under trening eller prøving på lovleg område om forsvarleg måte av eigar eller innehavar
- e) organisert trening av brukshundar.

**§ 4.** Brot på denne forskrifta er straffbart, jf. § 28 i hundelova.

**§ 5.** Denne forskrifta trer i kraft 1. august 2007.

Kart – Båndtvang i skiløyper i Nord-Fron kommune

Tilføyd ved [forskrift 23 april 2020 nr. 1438](#).

**Vedlegg 3. Forskrift om unntak fra lov om avgrensing i retten til å sleppe hingstar, oksar, verar og geitebukkar på beite, Nord-Fron, Øystre Slidre og Vågå kommuner**

Forskrift om unntak fra lov om avgrensing i retten til å sleppe hingstar, oksar, verar og geitebukkar på beite, Nord-Fron, Øystre Slidre og Vågå kommuner

Dato	FOR-2011-06-06-575
Publisert	II 2011 hefte 3
Ikrafttredelse	06.06.2011
Sist endret	
Endrer	
Gjelder for	Nord-Fron, Øystre Slidre og Vågå kommuner, Oppland.
Hjemmel	<a href="#"><u>LOV-1970-03-06-5-§4, FOR-1970-05-06-4</u></a>
Kunngjort	09.06.2011 kl. 14.20
Korttittel	Forskrift om unntak fra hanndyrlova, Oppland

**Kapitteloversikt:**

[Hoveddel](#)

[Kartvedlegg](#)


Heimel: Fastsett av Landbruks- og matdepartementet 6. juni 2011 med heimel i lov 6. mars 1970 nr. 5 om avgrensing i retten til å sleppa hingstar, oksar, verar og geitebukkar på beite § 4 første og annet ledd, jf. delegeringsvedtak 6. mai 1970 nr. 4.

§ 1. Forbodet i § 3 første ledd a), b) og c) mot å sleppe oksar som er eldre enn 6 månader på beite, gjelder ikkje for Fron Fellesdrifter sitt beiteområde i Nord-Fron kommune, Øystre Slidre kommune og Vågå kommune.

§ 2. Denne forskrifta trer i kraft straks.

**Vedlegg 4. Beredskapsplan for beitebruk i Nord-Fron - 2020**

## Nord-Fron kommune



# BEREDSKAPSPLAN FOR BEITEBRUK I NORD-FRON - 2020

Jf. delegeringsreglementet for Nord-Fron kommune vedteke 14.2.2017 – delegert til kommunedirektøren.

## *Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029*

### **Innleiing**

Beredskapsplanen er utarbeidd av Nord-Fron kommune v/ landbrukskontoret i samarbeid med beitelaga i Nord-Fron kommune.

Beitelaga i Nord-Fron kommune er Skåbu beitelag, Storhøliseter beitelag, Breistulen beitelag, Hattdalseter beitelag, Rustkjølen beitelag, Kvikne og Sorperoa beitelag, Kvam vestside beitelag, Kvam østside beitelag, Sødorp beitelag, Leinbakken beitelag, Sødorp og Kvam hesteavslag og Espedalen bygdealmenning.

### **Bakgrunn**

Hovudmålet med ein beredskapsplan er å sikre velferden for husdyr på utmarksbeite gjennom:

- Førebygging av tap og skader.
- Dokumentere og organisere beitebruken slik at unormale akutte forhold i beiteområda som sjuke/skadde dyr, rovviltangrep/-skader og ettersanking blir handtert så godt som mogleg.

Ein beredskapsplan vil vere nyttig å ha jf. auka krav til beitebrukarane når det gjeld dokumentasjon av tap og tilsyn i beiteseseongen. Planen vil gi ei oversikt over tiltaka som beitebrukarane faktisk gjennomfører, slik som ansvarsfordeling ved skadefunn, gjennomføring av skadefelling, akutt sinking, ettersanking m.m.

### **Beitebruksplan**

*Temaplan for beitebruk 2020-2029* er under utarbeiding, og planlagt lagt fram for kommunestyret for endeleg behandling i løpet av 2020.

### **Beredskapsplan**

Beredskapsplanen omhandlar rutiner for varsling ved rovviltsituasjonar, skadefellingar og sjukdommar. Planen omtalar også rutiner for tilsyn, sinking, ettersanking, ivaretaking av beitedyra, informasjon, media, beredskapsareal, flytting av dyr, krisehåndtering og elektronisk overvaking. Planen gjeld for komande beitesesong.

## Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029

Framtid: Beredskapsplanen skal i framtida i sin heilskap gå inn som ein del av den vedtekne beitebruksplanen i kommunen. Her må ein vedta at planen rullerast med fastsette mellomrom, og særleg i forhold til beredskapen må planen på nokre punkt gjennomgås kvart år.

Tema	Ansvarleg
<b>Tilsyn i beiteområda</b>	
<b>1 - Infoskriv og beredskapsplan sendes til alle medlemma i beitelaget før beitesesong.</b>	Styret i beitelaget.
<b>2 - Det opprettes SMS gruppe for alle beitebrukarar / gjetarar i eige beitlag.</b>	Styret i beitelaget.
<b>3 - Utarbeiding av tilsynsliste for heile sesongen. Sendes alle medlemmer i beitelaget.</b>	Styret i beitelaget.
<b>4 - Signert tilsynslogg føres for alt tilsyn, spesifisert i ordinært og ekstraordinært tilsyn. Loggen skal innehalde:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>a. Namn på den som har utført tilsynet.</li> <li>b. Dato, tal timer brukt, tal km kjørt.</li> <li>c. Område for tilsyn, med kart / GPS sporlogg.</li> <li>d. Status og type tilsyn som er utført jf. ordinært, utvida og kortvarig intensivt tilsyn.</li> <li>e. Sanking og ettersanking.</li> </ul>	Beitebrukar / gjetar.
<b>5. Eventuelt samarbeid med fleire gjetarlag dersom det blir registrert store tap i avgrensa område. Beredskapsgruppa varsles.</b>	Beitelagsleiarane i aktuelle beitlag koordinerer, evt. valt valt koordinator eller beredskapsgruppa.
<b>Varslingsopplegg ved kadaverfunn</b>	
<b>1 - Varsle dyreeigar og beitelagsleiar.</b>	Tilsyn / gjetar evt. den som finn kadaveret.
<b>2 - Varsle SNO, i samråd med tilsyn/dyreeigar dersom dei saman meiner dette er påkrevd.</b>	Beitelagsleiar evt. valt koordinator i beitelaget.
<b>3 - Varsle alle i beitelaget og kommunal vakttelefon ved alt frå dokumentert til usikker rovviltskade, og/eller andre viktige hendingar i beitelaget.</b>	Beitelagsleiar evt. valt koordinator i beitelaget.
<b>4 - Kadaverstad merkes med merkebånd eller liknande, ta bilet og noter ned GPS-koordinatar. Kadaveret må dekkast til.</b>	Tilsyn / gjetar evt. den som finn kadaveret.
<b>NB! Kommunal vakttelefon sender SMS til beitelagsleiarane ved melding om rovviltnotifikasjonar og skadedokumentasjon frå SNO.</b>  Det er svært viktig at beitelagsleiar vidaresender denne informasjonen til sine medlemmer. Ved varsling av skadefunn / rovviltnotifikasjonar er det viktig at det raskt blir sett i gang tilsyn i	Kommunen.  Beitelagsleiar evt. valt koordinator i beitelaget.

## Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029

aktuelle område, men at tilsynet blir planlagt i samråd med beitelagsleiar/valt koordinator i beitelaget og fellingsleiar.	
<b>Organisering ved skadefelling</b>	
<b>1</b> - Dokumentert skade av SNO.	Beitelagsleiar / dyreeigar varslar kommunal vakttelefon.
<b>2</b> - Søknad om skadefelling til Fylkesmannen eller Miljødirektoratet.	Kommunen.
<b>3</b> - Gi skadefellingsløyve.	Fylkesmannen eller Miljødirektoratet.
<b>4</b> - Gjennomføring av skadefellingsforsøk.	Kommunalt skadefellingslag.
<b>5</b> - Dialog ved skadefellingsforsøk.	Fellingsleiar, beitelagsleiar, kommune, fylkesmannen og SNO.
<b>Skadefellingslag</b>	
<b>1</b> - Oppnemne skadefellingslag og fellingsleiar, samt arbeidsavtaler	Kommunen.
<b>2</b> - Kurs, skytetreningar og nødvendig opplæring av medlemmer på skadefellingslaget.	Kommunen.
<b>FKT-middel - AKUTTE tiltak</b>	
<b>1</b> - Kadaversökshund, ekstraordnært tilsyn, utsett beiteslepp, tidleg nedsanking mv.	Beitelagsleiar / dyreeigar tek fortløpande kontakt med kommunen ved behov for middel til akutt tiltak. Kommunen søker fylkesmannen om middel. Det er viktig at tiltaka blir omsøkt før iverksetting, og rapporteres utført innan oppgitt frist.
<b>Beredskapsareal</b>	
<b>1</b> - Beitelaga må / bør ha beredskapsareal tilgjengeleg. a. Beredskapsareal for ein eventuell akutt situasjon. Areala skal vere egna til å ta inn dyr for å sjekke for rovviltskader i ein akutt situasjon, og for å kunne samle dyra i ein kort periode. Desse bør / kan ligge i nær tilknyting til sanke / skillekveer. b. Beredskapsområde eller plan for dette for ein lengre pågående situasjon.	Beitelaga.
<b>2</b> - Kommunene kartfestar sankekveer og beredskapsareal, og lagar ein oversikt.	Kommunen.
<b>Krisehandtering</b>	

## Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029

<b>1</b> - Beredskapsgruppa koplast inn eller koplar seg sjølv inn.	Beredskapsgruppa / kommunen.
<b>2</b> - Ved større rovviltangrep gir kommunal vakttelefonen beskjed til landbrukssjef om krisesituasjoner.	Kommunen.
<b>3</b> - Berørte beitebrukarar med store tap	Beredskapsgruppa.
<b>4</b> - Landbrukssjef varsler kriseteamet i kommunen. Kriseteamet samarbeider med beredskapsgruppa.	Kommunen.
<b>Flytting av dyr</b>	
<b>1</b> - I gitte akuttsituasjoner kan det bli behov for å flytte dyr ut av beiteområdet for ei kort eller lengre tidsperiode.  Det koordineres flytting av dyr ved driving til eigna samlekveer / beredskapsareal. Dette kan også medføre transport i samarbeid med dyreeigarar og / eller slakteribilar i området.	Dyreeigar / beitelag.
<b>Varslingsopplegg ved sykdomsutbrot</b>	
<b>1</b> - Mattilsynet, praktiserande veterinær og kommunen varsles dersom det er mistanke om sykdomsutbrot i eit beiteområde.  Dyreeigar har ansvar for sine eigne dyr med bakgrunn i dyrevelferdslova.	Beitelagsleiar / beitelag / beredskapsgruppa kan hjelpe til som støttespelarar.
<b>Rutiner før beiteslepp</b>	
<b>1</b> - Vurder beitet og sleppstaden.	Dyreeigar, gjerne og helst i samarbeid med andre beitebrukarar i beitelaget.
<b>2</b> - Før liste over tap av dyr før slepp på utmarksbeite.	Dyreeigar.
<b>3</b> - Kun friske og robuste dyr sleppast på utmark. Lam som sleppast må ha mora med.	Dyreeigar.
<b>4</b> - Slepliste med individnr. som viser søye/lam forhold og eventuelt søker utan lam.	Dyreeigar.
<b>5</b> - Parasittbehandling i samråd med veterinær.	Dyreeigar.
<b>Rutiner i ein akuttsituasjon</b>	
<b>1</b> - Oppfølging av skadde dyr. Ved rovviltangrep følges dyra opp ved å undersøke for skader. Skadde dyr avlives. Det settes inn tiltak for å redusere skade (sank, tilsyn, skadefelling).	Beitelaget i samråd med dyreeigar, og gjerne etter råd og hjelp frå beredskapsgruppa. Veterinær eller Mattilsynet bør også koplast inn.
<b>2</b> - Kadaverhandtering. Leveres med kadaverbil der det er praktisk mogleg.	Dyreeigar.
<b>Rutiner ved sanking</b>	

<b>1</b> - Sank i god tid. Hovudsanking må vere gjennomført i god tid før eller seinast 25. september. Viktig med informasjon mellom beitelaga i området for å sikre at alle dyr blir sankta.	Beitelaget. Alle som sankar tek med alle dyr i sitt naturlege beiteområde.. Varsle om dyr som går att til beitelagsleiar.
<b>2</b> - Oppdater sankeliste fortløpende som koordineres mot sleppliste.	Dyreeigar.
<b>3</b> - All sinking etter 25. september må gjerast slik at absolutt alle dyr blir teke med. Dyr som ikkje blir teke med må varslast alle i beitelaget og alle andre beitelagsleiarar i området.	Dyreeigar.
<b>4</b> - Alle varslar om gjengåande dyr må følges opp og varslast om til alle i beiteområdet. Slike hendingar må også varslast om og dokumenterast når sinking av desse er gjennomført.	Dyreeigar / beitelagsleiar.
<b>5</b> - Evaluering av beitesesongen.	Alle involverte.
<b>Elektronisk overvaking</b>	
<b>1</b> - Radiobjøller.	Dyreeigar / beitelaget.
<b>2</b> - Saltsteinsavlesarar.	Beitelaget.
<b>3</b> - Oppfølging i beitesesongen.	Dyreeigar / beitelaget.
<b>4</b> - Vedlikehald av utstyr.	Dyreeigar / beitelaget i samråd med Oppland Radiobjøllelag.
<b>5</b> - Kartlegging av og behov for utstyr / type utstyr.	Dyreeigar / beitelaget.
<b>Gjerde og bygningar</b>	
<b>1</b> - Kontroll og vedlikehold av gjerde og bygningar i beiteområdet.	Beitelaga oppfordrar grunneigarar og beitelagsmedlemmer til å følgje opp dette.
<b>2</b> - Tilsyn av därlege gjerde.	Mattilsynet, dyrevernnemda og kommunen utfører tilsyn av därlege gjerde.
<b>Informasjon</b>	
<b>1</b> - Informasjon/oppslag i beiteområda for turgåarar med namn på kontaktpersonar / mobil. Sjå over dei infoplakater som er hengt opp for turgåarar og fornye desse ved behov.	Beitelaget.
<b>2</b> - Informasjon / oppslag om bandtvang.	Beitelaget.
<b>3</b> - Årleg informasjonsbrosjyre utarbeidd av Fylkesmannen og SNO.	Fylkesmannen distribuerar til alle medlemmer i organisert beitebruk.

**VIKTIGE MOBIL NR OG E-POST ADRESSER**

	Namn	Mobil	E-post
Skåbu beitelag	Sven Sæther	954 74 732	<a href="mailto:svarse@online.no">svarse@online.no</a>
Storhøliseter beitelag	Ivar Ottar Veslum	414 42 923	<a href="mailto:o-veslum@online.no">o-veslum@online.no</a>
Hattdalseter beitelag	Ivar Sylte	901 04 813	<a href="mailto:ivar@beitesnap.no">ivar@beitesnap.no</a>
Breistulen beitelag	Erling M. Vaterland	909 47 750	<a href="mailto:emvaterland@yahoo.no">emvaterland@yahoo.no</a>
Rustkjølen beitelag	Tord Rushage	926 59 986	<a href="mailto:tord_r@hotmail.com">tord_r@hotmail.com</a>
Kvikne og Sorperoa beitelag	Ola M. Sylte	917 18 012	<a href="mailto:ola.m.sylte@hotmail.com">ola.m.sylte@hotmail.com</a>
Kvam vestside beitelag	Odd A. Myromslien	907 38 172	<a href="mailto:oamymromslien@gmail.com">oamymromslien@gmail.com</a>
Kvam østside beitelag	Jonny Mathisen	482 30 371	<a href="mailto:jonn-ma@online.no">jonn-ma@online.no</a>
Sørdorp beitelag	Marthe Dypdalen	915 48 144	<a href="mailto:mdypdalen@yahoo.no">mdypdalen@yahoo.no</a>
Leinbakken beitelag	Knut Bjørnstad	906 96 356	<a href="mailto:knut@skigard.no">knut@skigard.no</a>
Sørdorp og Kvam hesteavlslag	Morten Sandbakken	900 96 909	<a href="mailto:morten@sulseter.no">morten@sulseter.no</a>
Espedalen bygdealmennung	Anders Morken	970 98 388	<a href="mailto:andmorde@bbnett.no">andmorde@bbnett.no</a>
Skadefellingslaget i Fron	Jan I. Svendstad Terje Stian Bjørke Lars O. Auglestad	900 86 488 901 06 384 913 42 140	<a href="mailto:jani-sve@online.no">jani-sve@online.no</a> <a href="mailto:terjestian@gmail.com">terjestian@gmail.com</a> <a href="mailto:l-augle@online.no">l-augle@online.no</a>
Kommunal vakttelefon for Midt-Gudbrandsdalen	Bemannet 07.00-22.00	948 78 944	
Beredskapstelefon skadefelling - Fylkesmannen	Bemannet 08.00-21.00	970 29 840	
Fylkesmannen		612 66 000	<a href="mailto:fminpost@fylkesmannen.no">fminpost@fylkesmannen.no</a>
Norske Kadaverhunder	Akuttberedskap 07.00-22.00 Jonny Mathisen	933 43 554 482 30 371	<a href="mailto:jonn-ma@online.no">jonn-ma@online.no</a>
Statens Naturoppsyn (SNO)	Terje Stian Bjørke Hans M. Ulberg Chr. Bårdsløkken Ole Knut Steinset Esben Bø	901 06 384 993 52 858 911 53 729 464 48 657 957 22 733	<a href="mailto:terjestian@gmail.com">terjestian@gmail.com</a> <a href="mailto:hansulberg@gmail.com">hansulberg@gmail.com</a> <a href="mailto:chr_baards@hotmail.com">chr_baards@hotmail.com</a> <a href="mailto:ole.knut.steinset@miljodir.no">ole.knut.steinset@miljodir.no</a> <a href="mailto:esben.reidar.bo@miljodir.no">esben.reidar.bo@miljodir.no</a>
Mattilsynet		224 00 000	
Beredskapgruppa i Fron	Marthe Dypdalen Lars O. Auglestad Jonny Mathisen Mari S.Å. Slåen Ivar Sylte Ole Petter Berget Per Nyhus Pål Kjorstad Jan I. Svendstad	915 48 144 913 42 140 482 30 371 480 30 491 901 04 813 452 51 529 456 06 992 990 34 406 900 86 488	<a href="mailto:mdypdalen@yahoo.no">mdypdalen@yahoo.no</a> <a href="mailto:l-augle@online.no">l-augle@online.no</a> <a href="mailto:jonn-ma@online.no">jonn-ma@online.no</a> <a href="mailto:marisy73@gmail.com">marisy73@gmail.com</a> <a href="mailto:ivar@beitesnap.no">ivar@beitesnap.no</a> <a href="mailto:o-p-be@frisurf.no">o-p-be@frisurf.no</a> <a href="mailto:pevig@online.no">pevig@online.no</a> <a href="mailto:pkjorstad@outlook.com">pkjorstad@outlook.com</a> <a href="mailto:jani-sve@online.no">jani-sve@online.no</a>

### **Vedlegg 5. Kart over beiteområda**

Kart over beiteområda i Nord-Fron som nyttast til organisert beitebruk. Karta viser hovudavgrensingene for beiteområda slik beitebruken er i dag. Grensene er innteikna av beitelaga. Avgrensinga seier ikkje noko om beitarettane, tidlegare eller framtidige. Kartet viser i tillegg samlekveer, saltlingsplassar og sperregjerder. Saltlingsplassane blir flytta med jamne mellomrom for å førebygge snylterplager på beitedyra, slik at plasseringa kan variere.


#### **Ordforklaringer:**

**Samlekve:** Innhegning inne i beiteområdet der beitelaget sine medlemmar kan samle og skilje ut eigne dyr frå flokken. Mange nyttar også seterkveer til samling, desse er ikkje spesielt avmerka på karta.


**Saltplatz:** Salt med mineraltilsetting er viktig for beitedyra. Det blir difor sett ut saltslikkesteinar rundt om, der dyr kan samlast og få salttinskott.

**Sperregjerde:** Gjerde for å hindre beitedyra å kome inn på uønskt område.

## Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029




## Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029




## Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029




## Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029




## Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029




## Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029




## Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029




## Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029




## Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029



## Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029



## Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029



## Beitebruksplan for Nord-Fron kommune 2020 - 2029

